


# Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune



*Ressursenteret i Tingvoll*  
*Rapport nr. 2-2005*

Utførende konsulentfirma: Ressurssenteret i Tingvoll Tingvoll vidaregåande skole 6630 Tingvoll	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal 6610 Øksendal epost: john.bjarne.jordal@c2i.net	Medarbeidar:										
Oppdragsgjevar: Midsund kommune v/Mona Aagaard Nilsen 6475 Midsund, tlf. 71 22 05 00	ISBN-nummer:  82-92007-04-0	År:  2004										
<p><b>Referanse:</b> Jordal, J. B., 2005: Kartlegging av naturtypar i Midsund kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 2-2005. 81 s. + kart. ISBN 82-92007-04-0.</p>												
<p><b>Referat:</b> Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar, raudlisteartar og vilt i Midsund kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 53 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog og berg/rasmark. Det er gjort 74 funn av 23 raudlisteartar av mosar, planter og sopp. I tillegg er finst det 11 hekkefuglar og 2 pattedyr som står på raudlista. Det er skildra ein del viltlokalitetar og laga ei oversikt over viltobservasjonar (m.a. hekkelokalitetar for meir uvanlege/interessante artar) i kommunen. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Sårbare vilttopplysningar er utelett i rapporten. Midsund sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap med kystlynghei og naturbeitemark, skog med edellaauvskogar og gammal furuskog, og berg/rasmark med nordvendte kystberg og sørvendte berg og rasmark. Kommunen har viktige viltområde tilknytt havstrand/kyst, m.a. overvintringsområde for sjeldne artar som islom og gråstrupedykkar. Kommunen har 3 verneområde på Otrøya (Ræstادتangen, Kjerringvatnet og Hagset-Oppstad) som er oppretta for å ta vare på dels fuglelivet og dels plantelivet.</p>												
<p><b>Emneord:</b></p> <table> <tr> <td>Biologisk mangfald</td> <td>Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Havstrand</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Pattedyr</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Skog</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Havstrand	Sopp	Kulturlandskap	Pattedyr	Myr	Fugl	Skog
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar											
Planter	Havstrand											
Sopp	Kulturlandskap											
Pattedyr	Myr											
Fugl	Skog											
<p><b>Framsidedeilete:</b>  <i>Øvst t.v.: Småtjønn og vidstrekt gammel furuskog på Reitaåsen ved Nord-Heggdal. Dette landskapet er kanskje noko uventa i ein øykommune på kysten.</i>  <i>Øvst t.h.: Hasselskog er det mykje av på varme stader i sør- og vestvendte lier. Denne skogtypen har mange varmekrevande planter. Av varmekjære soppar knytt til hasselskog er det funne fleire sjeldne artar, og fleire var nye for fylket. Her frå Gangstad på Midøya.</i>  <i>Midten t.v.: Olivin er ein bergart som det er ein del av m.a. ved Uglvika. Denne er basisk og har ein heilt spesiell flora, for det er få planter som toler godt å veksa på olivin, og dei som veks her er spesialtilpassa.</i>  <i>Midten t.h.: Brunburkne er ei sjeldan bregne som berre veks på olivin. Denne arten har nordgrense i verda ved Uglvika. I tillegg står ho som truga art både på den norske og den globale raudlista. Dette er truleg den sjeldnaste og mest spesielle planta i kommunen.</i>  <i>Nedst t.v.: Gammal slåtteeng dominert av prestekrage på sørsida av Otterøya.</i>  <i>Nedst t.h.: Ramsløk er ein typisk art i hasselskogane i Midsund.</i></p> <p>Alle foto: John Bjarne Jordal.</p>												

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Midsund kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd egne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Midsund kommune av Ressurssenteret i Tingvoll v/John Bjarne Jordal. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattaren ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 20.11.2004

John Bjarne Jordal



# INNHALD

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>6</b>
<b>INNLEIING</b> .....	<b>10</b>
BAKGRUNN .....	10
KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....	10
VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....	10
TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....	11
FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....	12
FORMÅLET MED RAPPORTEN .....	12
NOKRE BEGREP .....	12
<b>METODAR OG MATERIALE</b> .....	<b>14</b>
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	14
VERDSETTING OG PRIORITERING .....	16
PRESENTASJON .....	18
<b>NATURGRUNNLAG</b> .....	<b>19</b>
AVGRENSING AV KOMMUNEN .....	19
HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV MIDSUND-NATUREN .....	19
LANDSKAP M.M. ....	20
KLIMA .....	21
GEOLOGI .....	21
LAUSMASSAR .....	21
NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING .....	21
<b>HOVUDNATURTYPAR</b> .....	<b>23</b>
HAVSTRAND/KYST .....	23
KULTURLANDSKAP .....	23
FERSKVATN .....	23
MYR .....	24
SKOG .....	24
BERG, RASMARK OG KANTKRATT .....	24
FJELL .....	24
<b>NATURTYPELOKALITETAR</b> .....	<b>25</b>
GENERELT .....	25
1 DRYNA: STORSTEINVIKA (GROTTER, NORDVENDTE KYSTBERG) .....	25
2 DRYNA: VED DRYNA (EDELLAUVSKOG) .....	26
3 MIDØYA: MAKKEVÅGEN (HAVSTRAND) .....	26
4 MIDØYA: MIDTTUN-GANGSTAD (EDELLAUVSKOG) .....	27
5 MIDØYA: STORDALEN-STORE DIGERNESET-HAMNANESET (KYSTLYNGHEI) .....	27
6 MIDØYA: RIKSGRENSA (SØRVENDTE BERG OG RASMARKER) .....	28
7 MIDØYA: BJØRNEREMSELLARANE (GROTTER, NORDVENDTE KYSTBERG) .....	28
8 MIDØYA: UNDER HØGFJELLET (GROTTE, NORDVENDTE KYSTBERG) .....	29
9 MIDØYA: NYGÅRDSVIKA, AUSTSIDA AV HØGFJELLET (EDELLAUVSKOG) .....	29
10 MAGERØYA: KVALØYA (NATURBEITEMARK) .....	30
11 MAGERØYA: LEIRA (HAVSTRAND, VILTOMRÅDE) .....	30
12 OTRØYA: UGLVIKA (HAVSTRAND) .....	31
13 OTRØYA: UGLVIK: VED HAMNA (OLIVINFELT) .....	31
14 OTRØYA: UGLVIK: NORDAUST FOR SØR-AUKRA KYRKJE (OLIVINFELT) .....	31
15 OTRØYA: UGLVIK: RAUDBERGA (JUTULSKARDET) (RIKMYR, OLIVINFELT) .....	32
16 OTRØYA: RAKNES-KORVENESET (KYSTLYNGHEI, MYR) .....	33
17 OTRØYA: KVALVIKA (HAVSTRAND) .....	33
18 OTRØYA: SANDVIKA (HAVSTRAND) .....	34
19 OTRØYA: RAKVÅGEN (BRAKKVASSPOLL, UNDERVASSENGER) .....	34
20 OTRØYA: VARDLIA VED HOLEVATNET (EDELLAUVSKOG) .....	35
21 OTRØYA: KJERRINGVATNET (RIK KULTURLANDSKAPSSJØ) .....	35

22 OTRØYA: UTLØPET AV TORSVIKELVA (HAVSTRAND).....	36
23 OTRØYA: VÅGSDALEN (EDELLOUVSKOG).....	36
24 OTRØYA: RØRSET (NATURBEITEMARK).....	37
25 OTRØYA: RÆSTADTANGEN (HAVSTRAND, VILTOMRÅDE).....	37
26 OTRØYA: SUNDSBØ: N FOR HOLTEN (NORDVENDTE KYSTBERG).....	38
27 OTRØYA: SUNDSBØ: N FOR NAKKEN (NORDVENDTE KYSTBERG).....	38
28 OTRØYA: SUNDSBØ: SØ FOR NAKKEN (EDELLOUVSKOG).....	39
29 OTRØYA: N FOR NAUTNESET (NORDVENDTE BERG).....	40
30 OTRØYA: UNDER ROGNKALLHEIA SV FOR NAUTNESET (EDELLOUVSKOG).....	40
31 OTRØYA: UNDER ROGNKALLHEIA (OLIVIN).....	41
32 OTRØYA: N FOR HEGGNESET (NORDVENDTE KYSTBERG).....	41
33 OTRØYA: NORD-HEGGDAL: REITAÅSEN (GAMMAL BARSKOG).....	42
34 OTRØYA: NORD-HEGGDAL: VEST FOR KAPELLET (EDELLOUVSKOG).....	43
35 OTRØYA: HAGSET (SLÅTTEENG).....	43
36 OTRØYA: HAGSET NATURRESERVAT (EDELLOUVSKOG).....	44
37 OTRØYA: OPSTAD-ORSET (EDELLOUVSKOG).....	45
38 OTRØYA: VIKANAKKEN (BARLIND).....	45
39 OTRØYA: SØR-HEGGDAL (SLÅTTEENG).....	46
40 OTRØYA: SØR-HEGGDAL: MOT VIKANAKKEN (GAMMAL BARSKOG).....	46
41 OTRØYA: SØR-HEGGDAL: LAPPEDALEN (GAMMAL BARSKOG).....	47
42 OTRØYA: STORE KLAUSET, AUSTRE DEL (SLÅTTEENG).....	47
43 OTRØYA: LILLE KLAUSET, AUSTRE DEL (SLÅTTEENG).....	48
44 OTRØYA: LILLE KLAUSET, VESTRE DEL (NATURBEITEMARK).....	48
45 OTRØYA: KLAUSET (HASSELKRATT M.M.).....	49
46 OTRØYA: TROLLVIKA (BØEN-ÅRNESET) (EDELLOUVSKOG).....	50
47 OTRØYA: MIDSUNDHORNEN, VESTHELLING (EDELLOUVSKOG, BERG/RASMARK).....	50
48 TAUTRA: AUST FOR VETHAUGEN (EDELLOUVSKOG).....	51
49 TAUTRA: STEGANE (NATURBEITEMARK).....	51
50 TAUTRA: NEDOM BERGA (SLÅTTEENG).....	52
51 TAUTRA: VATLEBUKTA (NATURBEITEMARK, STRANDENGER).....	52
52 TAUTRA: STORSKARDBUKTA (KALKRIKE STRANDBERG).....	53
53 TAUTRA: NORDIGARDSBUKTA (NATURBEITEMARK).....	53
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS.....	55
<b>VILTLOKALITETAR.....</b>	<b>56</b>
<b>RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>58</b>
GENERELT.....	58
SOPP.....	62
MOSAR.....	62
PLANTER.....	62
FUGL OG PATTEDYR.....	62
<b>KUNNSKAPSSTATUS.....</b>	<b>63</b>
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET.....	63
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR.....	63
<b>KJELDER.....</b>	<b>64</b>
GENERELL LITTERATUR.....	64
LITTERATUR SOM BERØRER MIDSUND.....	65
ANDRE SKRIFTLIGE KJELDER.....	70
MUNNLEGE KJELDER.....	71
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>72</b>
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR.....	72
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR.....	77
MOSELISTER FOR LOKALITETAR.....	80

# SAMANDRAG

## *Bakgrunn og formål*

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einsskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## *Metodikk*

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstillt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## *Historisk utforsking av Midsund-naturen*

Rapporten har ein gjennomgang av litteratur om naturen i Midsund frå opplysningstida på 1700-talet og fram til i dag. Mykje av kjeldene stammar frå tida etter 1970.

## *Naturgrunnlag*

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

## *Naturtypar i Midsund*

Dei ulike naturtypane i Midsund er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Midsund er havstrand, kulturlandskap (særleg naturbeitemarker) og skog (særleg rik edellauvskog og gammal barskog). Midsund har i visse område ein berggrunn (særleg Tautra) som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m.

*Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Midsund fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig*

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>A</b>	<b>Myr (2 lok.)</b>				
A01	Intakt låglandsmyr	1			1
A05	Rikmyr	2			2
<b>B</b>	<b>Rasmark, berg og kantkratt (20 lok.)</b>				
B01	Sørvende berg og rasmarker	2	7		9
B02	Kantkratt		1		1
B03	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet	3	1		4
B04	Nordvendte kystberg	1	5	1	7

Kode	Naturtype	A	B	C	SUM
<b>D</b>	<b>Kulturlandskap (16 lok.)</b>				
D01	Slåtteenger		5		5
D04	Naturbeitemark	1	5		6
D07	Kystlynghei		2	1	3
D09	Fuktenger	1			1
D16	Grotter/gruver		3		3
<b>E</b>	<b>Ferskvatn/ våtmark (1 lok.)</b>				
E08	Rike kulturlandskapssjøar		1		1
<b>F</b>	<b>Skog (18 lok.)</b>				
F01	Rik edellauvskog	3	12		15
F04	Bjørkeskog med høgstauder		3		3
F06	Rikare sumpskog	1			1
F08	Gammel barskog		4		4
<b>G</b>	<b>Havstrand/ kyst (9 lok.)</b>				
G01	Grunne straumar		1		1
G02	Undervassenger	1	1		2
G03	Sanddyner		1		1
G04	Sandstrender		1		1
G05	Strandeng og strandsump	1	5		6
G07	Brakkvassdelta		1		1
G08	Brakkvasspollar		1		1
G09	Kalkrike strandberg		1		1
<b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b>		<b>9</b>	<b>42</b>	<b>2</b>	<b>53</b>

I tabell 1 går det fram at det i Midsund er kjent 24 av dei 56 prioriterte naturtypene i DN-handboka. Dette er som forventa ut frå at Midsund er ein mindre øykommune.

### ***Viktige lokalitetar i Midsund***

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 1 til 53.

*Tabell 2. Viktige lokalitetar i Midsund. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl), som ikkje inngår i metoden med naturtypekartlegging (DN 1999a).*

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Dryna: Storsteinvika	Grotter, andre viktige forekomster (nordvendte kystberg)	B
2	Dryna: ved Dryna	Rik edellauvskog	B
3	Midøya: Makkevågen	Strandeng/strandsump (+viltområde)	B
4	Midøya: Midttun-Gangstad	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	A
5	Midøya: Stordalen-Store Digerneset-Hamnaneset	Kystlynghei	C
6	Midøya: riksgrensa	Sørvendte berg og rasmarker	B
7	Midøya: Bjørneremshellarane	Grotter, andre viktige førekomster (nordvendte kystberg)	B
8	Midøya: under Høgfjellet	Grotter, andre viktige førekomster (nordvendte kystberg)	B
9	Midøya: Nygårdsvika, austsida av Høgfjellet	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
10	Magerøya: Kvaløya	Naturbeitemark, kystlynghei	B
11	Magerøya: Leira	Strandeng og strandsump	B
12	Otrøya: Uglvika	Strandeng og strandsump (+viltområde)	B
13	Otrøya: Uglvik: ved hamna	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet	A
14	Otrøya: Uglvik: nordaust for Sør-Aukra kyrkje	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet	A

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
15	Otrøya: Uglvik: Raudberga (Jutulskardet)	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet. Rikmyr.	A
16	Otrøya: Raknes-Korveneset	Kystlynghei, intakt låglandsmyr, rikmyr	A
17	Otrøya: Kvalvika	Sandstrand, sanddyner, strandeng og strandsump	B
18	Otrøya: Sandvika	Strandeng og strandsump (+viltområde)	B
19	Otrøya: Rakvågen	Brakkvasspoll, undervassenger, grunne straumar (+viltlokalitet)	B
20	Otrøya: Vardlia ved Holevatnet	Rik edellauvskog	B
21	Otrøya: Kjerringvatnet	Rike kulturlandskapssjøar. Viltlokalitet	B
22	Otrøya: utløpet av Torsvikelva	Brakkvassdelta (+viltområde)	B
23	Otrøya: Vågsdalen	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, sørvendt berg og rasmark	B
24	Otrøya: Rørset	Naturbeitemark	B
25	Otrøya: Ræstادتangen	Strandeng og strandsump, undervassenger	A
26	Otrøya: Sundsbø: N for Holten	Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg)	B
27	Otrøya: Sundsbø: N for Nakken	Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg)	A
28	Otrøya: Sundsbø: SØ for Nakken	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
29	Otrøya: N for Nautneset	Nordvendte kystberg	C
30	Otrøya: under Rognkallheia SV for Nautneset	Rik edellauvskog	B
31	Otrøya: under Rognkallheia	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i lavlandet	B
32	Otrøya: N for Heggneset	Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg), gammal barskog	B
33	Otrøya: Nord-Heggdal: Reitaåsen	Gammal barskog	B
34	Otrøya: Nord-Heggdal: vest for kapellet	Rik edellauvskog (hasselkratt), sørvendt berg og rasmark	A
35	Otrøya: Hagset	Slåtteenger	B
36	Otrøya: Hagset naturreservat	Rik edellauvskog, rikare sumpskog	A
37	Otrøya: Opstad-Orset	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder	B
38	Otrøya: Vikanakken	Andre viktige førekomstar	B
39	Otrøya: Sør-Heggdal	Slåtteenger	B
40	Otrøya: Sør-Heggdal: mot Vikanakken	Gammal barskog, rik edellauvskog	B
41	Otrøya: Sør-Heggdal: Lappedalen	Gammal barskog	B
42	Otrøya: Store Klauset, austre del	Slåtteenger	B
43	Otrøya: Lille Klauset, austre del	Slåtteenger	B
44	Otrøya: Lille Klauset, vestre del	Naturbeitemark, fuktenger	A
45	Otrøya: Klauset	Rik edellauvskog (hasselkratt) , bjørkeskog med høgstauder, sørvendt berg og rasmark	B
46	Otrøya: Trollvika (Bøen-Årneset)	Rik edellauvskog, sørvende berg og rasmarker, kantkratt	B
47	Otrøya: Midsundhornet, vesthelling	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark	B
48	Tautra: aust for Vethaugen	Rik edellauvskog	B
49	Tautra: Stegane	Naturbeitemark	B
50	Tautra: nedom berga	Slåtteenger	B
51	Tautra: Vatablebukta	Naturbeitemark	B
52	Tautra: Storskardbukta	Kalkrike strandberg	B
53	Tautra: Nordigardsbukta	Naturbeitemark	B

## Raudlisteartar

Ei raudliste er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 74 funn av 23 offisielle raudlisteartar av planter, mosar og sopp i Midsund, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. 13 raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte her.



## ***Kunnskapsstatus***

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står att å undersøkje litt lynghei og myr, havstrand og naturbeitemark, og litt i ferskvatn (stille og rennande). Kunnskapen om mange organismegrupper i Midsund er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar må også supplerast med undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging.

## ***Litteratur***

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Midsund i denne basen ga 240 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

## ***Vedlegg***

I vedlegga er det presentert artslistar for einskildlokalitetar for planter, mosar og sopp.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2005.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfald jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusive arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfattar mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til lek, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av uutnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er identisk med ei berekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

# Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

## *Fysiske inngrep*

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkast vektlagt i beslutningsprosessane.

## *Endra driftsformer i jordbruket*

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapt naturtyper, m.a. slåtteeenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekkje plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

## *Spreiing av framande organismar*

Menneskeskapt spreiiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosystema, og mange vil døye ut etter kort tid. Men dei som greier å etablere seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollere eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Mink** er døme på ein art som er komen til og har spreid seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra.

**Sitkagrana** er planta i same tidsromet, og tek no til å spreia seg i heiane på eiga hand.

## *Overhausting*

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

## *Forureining*

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stiga over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, soppar og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

# Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

## *Verneområde*

Midsund kommune har 3 verneområde i havstrand, ferskvatn og edellauvskog (Ræstادتangen, Kjerringvatnet og Hagset). Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

## *Resterande areal*

På dei resterande delene av arealet i kommunen er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropria, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdsler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

## *Aktiv sikring*

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

## *Passiv sikring*

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

## *Grunneigaravtalar*

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

## *Virkemiddel i landbruket*

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdier i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

## **Formålet med rapporten**

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## **Nokre begrep**

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Midsund er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarkar.

**Nøkkelpiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarkar, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelpiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** blir i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarkar, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekkje utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Kartlegging av marine område og ferskvassfisk inngår ikkje i metodeopplegget.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## *Litteratur*

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Midsund. Underteikna har saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga ein litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune. Eit søk på Midsund i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.



## ***Oversikt over viktige litteraturkilder med kommentarar***

Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Midsund, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.

<b>Kjelde</b>	<b>Kommentar</b>
Blytt (1874, 1876)	Omtalar funn av einsskilte planteartar
Folkestad & Loen (1998)	Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen
Folkestad (1976)	Skildrar naturkvalitetar i Midsund kommune
Folkestad (1978)	Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1982)	Verneplan for våtmark
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernadv. (1999)	Naturbasen, utskrift for Midsund m. kart
Fægri (1960)	Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Midsund
Gjershaug m. fl. (1994)	Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar
Gaarder & Jordal (2001)	Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl, nokre også frå Midsund
Gaarder m. fl. (2001)	Omtalar ei rekkje viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Midsund
Holten m. fl. (1986)	Omtalar fleire strandområde
Jordal & Gaarder (1993)	Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå beitemark
Jordal & Gaarder (1999)	Oppsummering av undersøkte kulturlandskap
Jordal (1993)	Nemner nokre soppfunn frå Midsund
Korsmo (1975, 1976)	registreringar av potensielt verneverdige edellauvskogs- og barlindlokalitetar
Kristiansen (1975)	Den grundigaste botaniske undersøkinga som er gjort i kommunen til no. Mange viktige botaniske oppdagingar vart gjort i samband med dette arbeidet, og mykje av dei typiske trekka ved vegetasjonen og plante- og mosefloraen er grundig skildra. Ulempen i forhold til underteikna sitt arbeid er jamt over dårleg stadfesting.
Kaalaas (1911)	Skildrar interessante mosefunn
Oterhals (1996)	Utkast til verneplan for havstrand og elveos
Steien (1984)	Bibliografi dels sortert på kommunar
Størmer (1967, 1969)	Behandlar mosar med kystutbreiing.
Sømme (1948a, 1948b)	Skildringar av fugl og dyr på Otrøya

### ***Museumssamlingar, databasar, Internett***

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett.

### ***Innsamling frå personar***

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Midsund. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

### ***Eigne registreringar av biologisk mangfald i kommunen***

I 1993 har forfattaren (J. B. Jordal) saman med Geir Gaarder undersøkt nokre kulturlandskapsområde på Tautra (Jordal & Gaarder 1993). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Midsund. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

## **Artsbestemming og dokumentasjon**

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følger også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følger Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Machiel Noordeloos har hjelpt til med kontrollbestemming av sopp. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel har hjelpt til med bestemming og kontroll av viktige funn. Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege namn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

## **Verdsetting og prioritering**

### **Generelt**

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### **Kriteriar og kategoriar**

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

### **Avvik frå DN-handboka i denne rapporten**

For det første har vi brukt ein naturtype som ikkje er omtala i DN-handboka, nemleg Berg/rasmark: nordvendte kystberg (Gaarder m. fl. 2001), denne er nærare skildra under omtalen av dei ulike hovudnaturtypepane lenger bak.

Rapportforfattarane er vidare usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. almlindeskog) og/eller raudlisteartar i høgare kategori (E eller V)
- B (viktig)** mindre velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar, raudlisteartar i lågare kategori (DC, DM, R)

**C (lokalt viktig)** mindre velutvikla skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

## ***Viltlokalitetar***

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl og rovfugl er prioriterte i prosjektet. Elles er viktige overvintringsområde for sjøfugl med. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996). Noko nytt viltkart er ikkje eit siktemål i denne omgang. Ein har derfor ikkje foretatt vektning av viltdata og avgrensing av nye område. Det viktigaste er å ta vare på ny informasjon om vilt ved å oppdatere oversikta over viltobservasjonar (ikkje presentert i rapport) og laga eit skriftleg oversyn over gamle og nye viltområde.

## ***Område med dårlege data eller usikker status***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet " Område med dårlege data eller usikker status ". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

## ***Bruk av truga vegetasjonstypar***

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til opprømsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det opprømsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihånd og ei rekkje soppartar

Havstrand: havstorr, ishavstorr, busttjønnaks, småhavgras

Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

# Presentasjon

## *Generelt*

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Midsundnaturen og om bruken av naturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel, og i tillegg har ein presentert kva artar frå Midsund som Norge har eit særskilt ansvar for i internasjonal samanheng. Deretter kjem betraktningar omkring kvaliteten på datagrunnlaget etter den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Midsund og ulike artslistar. Dette er både plante-, mose- og sopplister frå einskildlokalitetar.

## *Områdeskildringar*

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planer om noko slikt.

## *Kartavgrensing*

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart i målestokk 1:20 000 som er overlett til kommunen, som så har sørge for å få dei digitalisert. Avgrensingane vert ikkje så nøyaktige som ønskjeleg i denne målestokken. Ved tilgang på betre og digitalt kartgrunnlag ville ein kunne plassera ein del ting meir nøyaktig med utgangspunkt i GPS-målingane som er gjort. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarings for å få ei meir detaljert avgrensing.

# NATURGRUNNLAG

## Avgrensning av kommunen

Da kommunelova kom i 1837 vart Midsund ein del av Aukra kommune. I 1924 vart Midsund sjølvstendig under namnet Sør-Aukra, og skifta i 1965 namn til Midsund samstundes som Dryna og Søre Midøya vart lagt til kommunen. Desse øyane flytta dermed frå Sunnmøre til Romsdal fogderi (Julnes 2001).

## Historikk omkring utforskinga av Midsund-naturen

Dei truleg første skriftlege skildringane av Midsund-naturen er frå siste halvdel av 1700-talet (Schnitler 1768, 1789). Schnitler nemner m.a. at det var hare (utsett) på Tautra. På 1770-talet var Gerhard Schøning også innom Midsund, skildringane hans vart seinare opptrykt i 1910. Thesen (1861) fortel m. a. at "paa Tauterø trives ingen rotter". Dei første planteopplysingane frå kommunen er frå Miøya og Dryna, og finst i "Norges Flora" (Blytt 1874, 1876), etter at Axel Blytt var her ein tur sjølv i august 1872. Av dei plantene han nemner er det fleire interessante, som solblom, dvergsmyle, hårstorr, kystgrisøyre og sylarve. Han gjorde også fleire interessante funn av kystbundne mosar (publisert av Jørgensen 1934 og Størmer 1967, 1969). Jord og skog vart også skildra i førre århundret, m.a. Schiøtz (1871) "Om Skovforholdene i Romsdals Amt" og Helland (1895) "Jordbunden i Romsdals Amt". Jørgensen (1902, 1926, 1934) nemner fleire sjeldne og interessante kystbundne levermosar frå kommunen. Andre moseforskarar som nemner kommunen på denne tida er Kaalaas (1911) som leita mosar på nordsida av Otrøya 09.08.1892. Han fann da mange interessante mosar, særleg ved Sundsbø, truleg den lokaliteten ved Keipen som i rapporten er skildra med mange av dei same moseartane. Dei første opplysningane om sopp finn vi i Blytt (1905) – "Norges Hymenomyceter".

I 1911 kom A. Helland si monumentale "Topografisk-statistisk beskrivelse over Romsdals Amt" med ein del informasjon om Midsund-naturen. Svein Sømme kom med dei første meir detaljerte skildringane av fuglefaunaen og oteren på Otterøya (Sømme 1948a, 1948b). Sømme (1904-1962) var rektor ved Aukra Fiskerfagskule, og dreiv under krigen spionasje mot tyskarane sitt anlegg på Klauset. Han hadde da tidvis tilhald på Heggdalssetra, og minna etter han lever m. a. ved at seterbua han budde i, no vert kalla "Sømme-hytta" (Julnes 2001). Sømme har også skrive bok frå krigstida ("En biolog på flukt").

Så finn ein berre mindre vesentlege kjelder fram til 1960-talet. Eit viktig verk om kystplantene var Fægri (1960) – "The coast plants", her er det og nokre floraopplysningar frå Midsund i form av prikkar på ulike utbreiingskart. Opplysningar om rust- og sotsopp m.m. som lagar sjukdom på planter var med i fleire publikasjonar på 1960-talet (Jørstad 1962, 1963, 1964, Gjærum 1965). I 1969 kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med ei sørleg og vestleg utbreiing i Noreg, der det også var med ein del funn frå Midsund, mest ei gjentaking av gamle funn.

I 1975 tok Jarle Kristiansen hovudfag i botanikk ved Universitetet i Trondheim med oppgåva: "En plantesosiologisk undersøkelse på Otterøya i Romsdal". Dette er den grundigaste biologiske undersøkinga som er gjort i kommunen til no. Mange viktige botaniske oppdagingar vart gjort i samband med dette arbeidet, og mykje av dei typiske trekka ved vegetasjonen og plante- og mosefloraen er grundig skildra.

Harald Korsmo gjorde registreringar av potensielt verneverdige barlindlokalitetar (Korsmo 1976). I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Midsund. Dette er den første samla framstillinga av verdifull natur i kommunen. På 1970-talet kom det fleire publikasjonar om fuglelivet i kommunen (Gjerde 1972, Folkestad & Follestad (1973, 1974), Johansen (1975), Norsk Ornitologisk Forening, avd. Møre og Romsdal (1975, Aksjon åkerrikse), Folkestad (1978), og etter 1980 vart det fleire av desse fuglepublikasjonane. Dei er for mange til å ramsa opp her.

Utover 1980-talet auka talet på titlar sterkt, med m.a. fleire undersøkingar av ulike naturtypar. I 1982 kom verneplan for våtmarker som nemner fleire lokalitetar (Fylkesmannen 1982), og seinare vart Kjerringvatnet verna som naturreservat. I 1986 kom rapporten om verdifulle strandområde i Møre og Romsdal (Holten m. fl. 1986), der også fleire lokalitetar i Midsund vart skildra. Seinare vart Ræstادتangen verna som havstrandreservat. I 1993 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for edellauvskog i fylket, der vart eit område mellom Hagset og Oppstad foreslått verna (Bugge 1993). I 1994 kom ein rapport om kulturlandskap av nasjonal verdi i fylket vårt, ført i pennen av Siv Aksdal ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal, med Tautra som eit av dei prioriterte områda. I 1996 kom Fylkesmannen i Møre og Romsdal med forslag til verneplan for

havstrand og elveosar i fylket, og i 2002 vart Ræstادتangen formelt verna som naturreservat. Av relevans for dette prosjektet er det elles at Fylkesmannen har gjeve ut ein samlerapport om registreringar av verdifulle kulturlandskap (Jordal & Gaarder 1999) og ein om raudlisteartar (Gaarder & Jordal 2001). Elles har det i løpet av 80- og 90-talet kome ei rekkje publikasjonar om geologi, marinbiologi, og slike som nemner Midsund i forbifarten anten det er omtale av særskilte pattedyr, fuglar, planter m.m. Oppdaginga av den interessante floraen på olivin i Uglvik-området er verdt å nemna. Torbjørn Urke fann m.a. den nordlegaste veksestaden for brunburkne her, ein art som står både på den norske og nordiske raudlista, på den internasjonale raudlista (IUCN). Noreg har eit europeisk forvaltaransvar for denne arten, som berre veks på olivin (sjå framsidefoto).

Det er ikkje særleg mykje skrive om pattedyra i kommunen. Namnet Otrøya har truleg å gjera med oter. Sømme (1948a,b) fortel m.a. at han kom fram til at det måtte vera eitt oterpar for kvar 5 km strandlinje. Hare, mår, raudrev og ekorn fanst ikkje opphavleg på Otrøya. Sømme (1948a) skriv m.a. at han sleppte ut to harar frå Vallidal hausten 1943, og at desse hadde formert seg til eit par hundre i 1948. Minken kom etter 1945, slik som i mesteparten av fylket. Etter 2. verdskrigen berre raudrev sett 1 gong (Hermod Klauset), han var der før krigen. Ein røyskatt vart funnen daud på Klauset i 2003 (Hermod Klauset). Ingrid Opstad, fødd på Tautra, fortalte 06.08.2003 at det på Tautra fanst frosk, ekorn, oter, røyskatt og flaggermus. Det fanst ikkje raudrev, mus eller rotter. Orm var sett ca. 1900. Bjørn Fuglset på Tautra 06.08.2003: hjort svømmer over til Tautra. Han har sett røyskatt, men ikkje sett orm, mus, rotte, hare eller ekorn. Det er truleg ikkje mink på Tautra no.

## Landskap m.m.

Midsund er ein av kommunane i Romsdal fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Kommunen består av øyar som ligg ytst i Romsdalsfjorden og grensar til Molde, Aukra, Sandøy, Haram og Vestnes. Kommunen ligg mellom Harøyfjorden i vest, Grunnefjorden og Kjerringsundet i nord, Julsundet i aust, og Moldefjorden og Mifjorden i sør. Arealet (eksklusiv sjøareal) er oppgjeve til 94,3 km<sup>2</sup>, noko som plasserer Midsund blant dei minste kommunane i fylket. Spennvidda i naturtypar er stor, frå djup fjord via grunner, holmar, skjer, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til snaufjell med eit relativt alpint preg.

Otrøya er ei fjelløy på ca. 76 km<sup>2</sup>. Dei andre bebudde øyane er Midøya, Dryna, Magerøya og Tautra. Otrøya har mange fjelltoppar, t.d. Oppstadhornet (737 m), Heggdalshornet (684 m), Myrsethornet (670 m), Ræstadhornet (729 m) og Klausethornet (669 m). Fjella har avrundete former, til dels med bratte stup i nord, vest og sør. Strandflater finst mest på nordvestsida, og den skoglause halvøya vest for Rakvågen utgjer størstedelen (ca. 15 km<sup>2</sup>).

Tabell 4. Nokre geografiske data for Midsund kommune. Kjelder: Statistisk sentralbyrå 2001, Midsund kommune, [www.vanninfo.no](http://www.vanninfo.no).

Parameter	Verdi
Landareal	94,3 km <sup>2</sup>
Del av fylket sitt areal	0,6 %
Skogareal	22 km <sup>2</sup>
Myrareal	2 km <sup>2</sup>
Strandline	154 km
Høgaste punkt	737 m o. h. (Oppstadhornet)
Største havdjup	Ca 500 m (Julsundet)
Talet på øyar	120 (94,3 km <sup>2</sup> )
Talet på ferskvatn (samla areal)	65 (totalt 0,8 km <sup>2</sup> )
Gjennomsnittshøgde	220 m
Areal 0-150 m o.h.	46 km <sup>2</sup> (48,7%)
Areal 150-300 m o.h.	16 km <sup>2</sup> (17,0%)
Areal 300-600 m o.h.	29 km <sup>2</sup> (30,8%)
Areal 600-900 m o.h.	2 km <sup>2</sup> (2,1%)
Areal >900 m o.h.	0

Midøya og Dryna er skogfattige øyer med høgaste punkt henholdsvis Bløkallen (521 m) og Drynjahatten (200 m). Midøya har ein del strandflater langs vestsida. Tautra er langstrekt og flat med høgaste punkt 45 m.

Etter siste istida vart Midsund isfri for rundt 12500 år sidan (Nasjonaltatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 40 meter (Nasjonaltatlas for Norge, kartblad 2.3.3).



## Klima

Klimaet i Midsund er oseanisk (kystprega). Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane høge (tabell 5). I Midsund er januardeltemperaturane ved målestasjonen +1,7 °C, medan andre stasjonar i nabokommunane Molde og Vestnes har litt lågare temperatur (Molde II (1936-1948) og Gjermundnes (1931-1960) hadde tidlegare henholdsvis –0,9 og –0,3 °C som gjennomsnittstemperatur for januar, Kristiansen 1975). Gjennomsnittstemperatur for juli-august er under 13°C. Vidare er det relativt mykje nedbør. Årsnedbøren er rundt 1500 mm, som er nokså mykje, og 9 av månadene har over 100 mm nedbør. Vidare er det hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft (Kjelde: Nasjonalatlas for Norge).

Tabell 5. Temperaturnormalar for Midsund i perioden 1961 – 1990. Kjelde: [http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
62360	Midsund	20	1,7	1,6	2,7	4,5	8,3	11,1	12,6	12,9	10,5	8,2	4,4	2,7	6,8

Tabell 6. Nedbørnormalar for Midsund i perioden 1961 – 1990. Kjelde: [http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

Nummer	Stad	h.o.h.	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
62360	Midsund	20	123	102	103	87	66	79	100	125	193	195	170	167	1510

## Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg i farger (Tveten m. fl. 1998). Midsund ligg i det romsdalske grunnfjellsområdet. Det finst og mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50000 for deler av kommunen i svartkvitt (kartblad 1220 III Brattvåg: Norges geologiske undersøkelse 1989). Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Den sørlege og vestlege delen av kommunen (Tautra, sørvestlege deler av Otrøya, midtre deler av Midøya og mykje av Dryna) er prega av ein utløpar frå det såkalla Trondheimsfeltet, som også finst i Fræna, Eide og Sandøy. Dette er dels glimmerhaldige bergartar som ofte forvitrar lett og gjev eit jordsmonn med høgare pH enn gneisbergartane. Særleg på Tautra er det og ein del grønskifer og amfibolitt. Denne berggrunnen gjev generelt eit godt jordsmonn, og tilhøve for kalkkrevande arter av planter, mosar og sopp. Ofte vil likevel lausmassane som ligg oppå berget kamuflera denne effekten. Vest for Rakvågen mot Uglvik ligg eit felt med olivin og tilhøyrande interessant flora. Her finst verdas nordlegaste førekomstar av den globalt raudlista plantearten brunburkne. Denne planten veks berre på olivin og beslekta bergartar, og representerer noko av det mest særmerkte i Midsund kommune sin flora.

## Lausmassar

Lausmassekart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg i farger (Tveten m. fl. 1998). Det finst og lausmassekart i målestokk 1:50000 for deler av kommunen (kartblad 1220 III Brattvåg: Norges geologiske undersøkelse 1988a). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er mykje fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Morenemasse frå siste istida utgjer relativt små areal samanlikna med andre kommunar. Lausmassane i låglandet er i stor grad marine strandavsetningar som har kome på land som følgje av landhevinga etter istida. Desse strandavsetningane finst særleg på nordsida av Otrøya og dei lågaste områda på resten av Otrøya, Midøya og Dryna, og er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er eller har vore for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst på strandflatene særleg på nord- og veststida av Otrøya og Midøya.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Midsund høyrer her til i møtet mellom region 37 Vestlandets lauv- og furuskogsregion, underregion 37f, Nordfjord og Sunnmøres fjordstrok, 39 Møre og Trøndelags kystskogregion og 40 Møre og Trøndelags kystregion.

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Midsund tilhører i denne samanheng dels region 20 (Vestlandets kystbygder, ytre deler av kommunen), dels region 26 (fjordbygder i Møre og Trøndelag, innsida/søraustsida av Midøya og Otrøya).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

- Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)
- Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)
- Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)
- Nordboreal sone** (fjellskogsone)
- Alpine soner** (Låg-, mellom- og høggalpin sone)

*Vegetasjonen i Midsund tilhører dels den sørboreale sonen (låglandet). Fjellområda tilhører den alpine sonen. Mellom desse sonene ligg smale overgangssoner.* (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Midsund og Rauma.

*Vegetasjonen i vestre/ytre deler av Midsund kommune tilhører sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h), medan innsida av Otrøya tilhører klart oseanisk seksjon (O2)* (Moen 1998, s. 126).

# HOVUDNATURTYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturtypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmark, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturtypar. Dei typane som er viktigast i Midsund, vert omtala nedanfor.

## Havstrand/kyst

Midsund ligg ut mot havet og er ein kystkommune. Heile kommunen består av øyar med ei strandline på 154 km. Langs mykje av denne strandlina er terrenget nokså bratt, og lausmassar er vaska vekk, slik at ein får strandberg. Strandberg skal berre registrerast som prioritert naturtype dersom dei er kalkrike, og det har eg funne berre i eit lite område på austenden av Tautra. På nord- og vestsida av Otrøya og Midøya er hellingsvinkelen der hav og land møtest ofte lågare, for her er det meir strandflater. På beskytta stader vil ein da få avsett finkorna masse, og det vert somme stader danna strandenger og sandstrender. Dei viktigaste av dei prioriterte naturtypane under denne hovudnaturtypen er derfor strandeng og strandsump, men det finst og sandstrand. I tillegg finst truleg ein del såkalla "undervassenger" med ålegras. Det er i denne samanheng ikkje lagt vekt på å kartleggja denne typen, sidan det er meir naturleg å ta det i samband med kartlegging av marint mangfald som er planlagt utført ved eit seinare høve.

## Kulturlandskap

Jordbruket på kysten vår har ei historie som strekkjer seg meir enn 4000 år attende. Jordbruket i Midsund er sikkert også svært gammalt. Julnes (2001) skildrar årsrytma i arbeidet på ein vanleg gard kring 1850. Våronna var først pløying, deretter gjødsling med fastmøkk frå fjøset som kunne vere blanda med oppsmuldra myrortv. Fiskeavfall og tang og tare vart og nytta til gjødsling. I åkrane sådde ein korn (for det meste havre, men og bygg) og sette poteter. Buskapen gjekk gjerne eit par veker på innmarka før dei vart sleppt i utmarka. Etter våronna spadde ein brenntorv i myrene, for det var lite med skog på Otrøya før. Det vart først tørka, så sett i stakk, og seinare køyrt heim på telen. Slåttonna tok til i siste halvdel av juli, "når skillingsgraset var moge". Graset vart tørka på marka, hesjing vart ikkje brukt før i mellomkrigstida (etter 1918). Kor mykje av høyet som kom frå heimebøen, og kor mykje som kom frå utmarka, har eg ikkje funne data om. På haustparten vart kyr, geiter, sauer og hestar sleppt på innmarka att der dei fekk beita til ut i oktober. Schnitler (1768, 1789) skriv at "udmarkerne er nogenledes gode, men falder besværlige og meget farlige op i fjældene, hvor kreaturene tit tager skade".

Mange av gardane hadde setrar. Desse er i dag nedlagt og for det meste atgrodd. Julnes (2001) fortel om setrane under kvar gard (med mange foto), og har eit kart med 17 innteikna setrar på Otrøya (innsida av omslaget), truleg ei nokså fullstendig oversikt.

Lang kontinuitet i slått og beiting gjev tilhøve for mange beiteavhengige artar, særleg av planter og sopp. Desse er likevel svært vare for teknikkar i det moderne jordbruket, som oppdyrking, pløying, gjødsling og innsåing av innkjøpt frøvare. Mykje tidlegare udyrka eller overflatedyrka natureng vart fulldyrka etter 1900. Det som i dag er mest artsrikt, er gamle beitemarker som ikkje har vore oppdyrka. Desse finst no nokså spreidd rundt i kommunen, m.a. på Klauset. Dessverre går husdyrhaldet attende, og mange av dei attverande lokalitetane gror no att.

Kystlyngheiane er ein kulturbetinga naturtype som er knytt til kystane av Vest-Europa opp til Lofoten. I Midsund finst og ein del lynghei, men det meste er i attgroing. Somme stader pågår framleis beite av sau eller storfe, og dette gjev eit håp om at ein kan ta vare på noko av det gamle kystkulturlandskapet.

## Ferskvatn

Dei fleste ferskvatna i Midsund ligg i fjellet. I låglandet er det mest berre Holsvatnet og Kjerringvatnet som er aktuelle. Sistnemnde er eit av dei få litt rikare kystvatna på strandflater i låglandet, og er verna som våtmarksreservat. Det er undersøkt og skildra av Folkestad (1977) og Fylkesmannen (1982), og kan klassifiserast som ein rik kulturlandskapssjø og som viltlokalitet. Holsvatnet er nokså næringsfattig (oligotroft), og er undersøkt botanisk av Malme (1972). Elles finst fleire små korte kystvassdrag, og nokre av desse kan truleg passa inn i den prioriterte naturtypen "viktige bekkedrag" utan at ein har prioritert å undersøkja dei.

## Myr

Det er oppgjeve at Midsund skal ha 2 km<sup>2</sup> myr. Desse førekjem delvis på strandflatene på Otrøya, Magerøya og Midøya, dels som småflekke på fjellet. Det aller meste er nedbørsmyr/fukthei og fattigmyr. Dei største områda ligg nord for Rakvågen (Vågsmyran), sørvest for Tangen, og mellom Raknes og Uglvik. Tidlegare har desse strandflatemyrane vore nytta til uttak av brenntorv.

## Skog

Tidlegare har nok skogen stadvis vore utnytta hardare enn i dag. Schnitler (1768, 1789) skreiv følgjande: ”overalt største fattelse av skov, saa de paa en besværlig maade tage deres brænde af eener og smaat krat”. Det er likevel litt uvisst kor lokalkjent han var. Thesen (1861, ”Beskrivelse af Romsdals amt”) skreiv (om datidas Aukra herred): ”Af fortidens herlige furuskove haves kun svage beholdninger paa Otterøen og paa fastlandsstrekningen, og af løvskov er ei heller noget væsentligt udenfor disse 2de bygder. Men af brændetorv haves tilstrækkeligt og af god kvalitet”. Julnes (2001) skildrar korleis det stod til med skog og brensletilfanget på dei ulike gardane til ulike tider på 1700- og 1800-talet. Dette stemmer ofte ikkje heilt med Schnitler si skildring. Mange av gardane på Otrøya hadde nok ved, i furuskogsområda dels også hustømmer. I 1635 var det ei sag i Nord-Heggdal. Eit bilete frå Klauset i 1908 (Julnes 2001 s. 467) viser at det var lite skog her, og fleire liknande gamle bilete viser at skogen ofte var borte i nærleiken av gardane. Det er i dag ikkje så lite skog i kommunen, oppgjeve til 22 km<sup>2</sup> av Statistisk sentralbyrå (2001). Dette er dels lauvskog rundt heile Otrøya, og med småflekke på Midøya og sørsida av Dryna. Elles er det ein god del furuskog, særleg ved Sør-Heggdal og strekninga Nord-Heggdal-Solholmen på Otrøya. Noko av denne skogen verkar i dag ganske gammel med innslag av gadd og einskilde læger. Innslag av edellauvskog, særleg med mykje hassel, men og med innslag av alm, finst her og der i sør- og vest-hellingane på Otrøya og Midøya, og litt på sørsida av Dryna. Særleg Otrøya har store og viktige hasselskogar med ein del sjeldne og raudlista soppantar. Otrøya har og viktige bestandar av barlind, da særleg i edellauvskogsreservatet mellom Hagset og Oppstad. Her og andre stader på sørsida av Otrøya finst også svartor.

## Berg, rasmak og kantkratt

Naturtypen oppstår der terrenget er bratt, og det ikkje så lett veks opp skog pga. topografi og raspåverknad. Midsund kommune har mykje fjell, og dermed også ein del berg og rasmak. Dei prioriterte naturtypene sørvendt berg og rasmak, og kantkratt, finst begge som små areal i mosaikk med hasselskog i sør- til vestvendte fjellsider, m.a. ved Gangstad og Ramsvik på Midøya, i dei vestvendte liene ved Midsundet, og ved utløpet av Vågsdalen. I tillegg til dei typane som er skildra av DN (1999a), har ein på kysten også typen ”Nordvendte kystberg” som er skildra av Gaarder m.fl. (20001). Typen vert avgrensa på grunnlag av særleg fuktkevande og frostvar mose- og lavflora, men har og innslag av kalkkevande fjellplanter som raudsildre, gulsildre, fjellsmelle m.fl. Denne typen er identifisert i godt utvikla form m.a. ved Sundsbø (gryta mellom Nakken og Holten, og passet nord for Holten) og på nordvestsida (utsida) av Dryna. Eg har her hatt med meg moseekspert ein dag (dr. scient. Kristian Hassel, NTNU) som har bestemt dei kystbundne mosane, i tillegg har Kaalaas (1911) undersøkt området ved Sundsbø.

## Fjell

Midsund har ein del fjell. Det einaste som skal reknast som prioritert naturtype er kalkrike område i fjellet, og det kjenner eg ikkje til i kommunen. Det er heller ikkje prioritert å leita etter denne typen, sidan han er lite truga, og det er grunn til å tru at det er lite av han.

# NATURTYPELOKALITETAR

## Generelt

Databasen over verdifulle naturområde i Midsund kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 53 lokalitetar. Rundt 17 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men somme av dei har fått ny avgrensing. Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei ”nye” lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjente fram til no.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi. Følgjande forkortingar er nytta: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, AOF=Alv Ottar Folkestad, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad.

## 1 Dryna: Storsteinvika (grotter, nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-1 (Naturbasen 154520503)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 730-737, 482-488
<b>Høgde over havet:</b>	30-70 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, berg/rasmark
<b>Naturtype:</b>	Grotter, andre viktige forekomster (nordvendte kystberg)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.2002, JBJ, 06.02.2003, Tore C. Michaelsen & JBJ, 15.10.2003 Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* På utsida av Dryna ligg m.a. to-tre marine grotter (brenningsholer), pluss nordvendte berg og kløfter med fleire artar knytt til fuktig og vintermildt ytterkystklima. Dei to største holene heiter Demmehellaren (LQ 7317 4838) (holeopninga demmer opp vatn) og Franskhellaren (LQ 7329 4840). Den siste er 55 meter djup. Naturtypen ”nordvendte kystberg” er ikkje nemnt i DN (1999a), men skildra av Gaarder m. fl. (2001).

*Vegetasjon:* Her finst bergflate/bergvegg av hinnebregneutforming og bergknaus av kystbergknapp-dvergsmyle-utforming (truga vegetasjonstypar, Fremstad & Moen 2001), rasmark (av oseanisk type) og ulike overgangar mot kystlynghei.

*Kulturpåverknad:* Veg opp frå ferjeleiet til eit felt med dyrka, men attgroande eng. Lite felt med gran på vestsida av Drynjahatten. Svakt beitetrykk av hest og geit (sett 4 geiter) i 2002.

*Artsfunn:* I og ved Demmehellaren vart det funne hinnebregne (raudlistearter, V-sårbar), svarttopp, loppestorr, skogkarse, bekkeblom og fjellsyre. I Demmehellaren vart det 06.02.03 observert ein del overvintrande insekt som sat på berget. I og ved Franskhellaren vart det funne hinnebregne, dronningmose *Hookeria lucens*, og svartburkne, forutan mykje *Trenthepolia*-algar på berget. Franskhellaren burde ha potensiale for overvintring av flaggermus, men ingenting vart funne 06.02.03, derimot vart det observert ein del insekt. I ei kløft opp frå LQ 7321 4834 vart det funne hinnebregne to stader, elles blankburkne, kystgrønnever, kystvrengje, fjellsyre, loppestorr, kusymre, kranskonvall, vivendel og kystmaure. Det vart vidare funne hinnebregne mellom dei store steinblokkene i Storsteinvika. I 1971 fann Jarle Kristiansen dvergsmyle i dette området (TRH). Hausten 2003 vart det registrert mosar i området (bestemt av dr. scient. og moseekspert Kristian Hassel), m.a. følgjande artar: *Andreaea alpina* kystsotmose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Breutelia chrysocoma* gullhårmose, *Bryum alpinum* koppar-vrangmose, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Chiloscyphus coadunatus* totannblonde, *Conocephalum conicum* krokodillemose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Fissidens dubius* kystlommemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Isothecium myosuroides* musehalemose, *Lejeunea cavifolia* glansperlemose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Plagiothecium undulatum* kystjammemose, *Racomitrium aciculare* buttgråmose, *Racomitrium aquaticum* bekkegråmose, *Rhabdoweisia crispata* kysturnemose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose, *Thuidium tamariscinum* stortujamose, *Tritomaria quinqueidentata* storhoggtann. Hekkande ramn i 2003. Andre fugl i hekketida: gjerdesmett, lauvsongar, heipiplerke, ringtrast, måltrast og bergirisk.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med eit middels artsutval av oseaniske artar, samt raudlistearter hinnebregne, som nok ikkje fortener raudlistestatus V (sårbar).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i og ved grottene, og i dei andre områda med kravfulle artar.

## 2 Dryna: ved Dryna (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-2
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 745 487
<b>Høgde over havet:</b>	20-40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.05.2003, 09.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit lite edellauvskogområde med hassel like ovafor riksvegen ved avkjøringa til Drynagarden.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt. Av treslag finst alm, dunbjørk, hassel, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Hogst i kraftlina, lite område med dyrka mark ovanfor, bustadhus i SV.

*Artsfunn:* Det vart notert hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, kusymre, kvitbladtistel, kvitsymre, liljekonvall, ramslauk, stankstorkenebb, storfrytle, stortviblad, vivendel, vårkål. Av sopp kan nemnast silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R-sjeldan), ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, marsipankremle *Russula grata* (R-sjeldan). Av fugl i hekketida er det notert spettmeis, lauvsongar, tornsongar, kjøtmeis, svarttrast og gransongar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) med eit middels artsutval av planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

## 3 Midøya: Makkevågen (havstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-3 (Naturbasen 154500500)
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 75 49
<b>Høgde over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng/strandsump (+viltområde)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.08.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), 21.07.1994, Finn Wischmann, 05.09.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei grunn bukt sør for Leirstad på vestsida av Midøya med trong åpning mot havet, flate strandengar og strandkantar med grense mot dyrkamark og lynghei. I trekketidene er området beiteplass for vassfugl, elles har det og funksjon som hekkeområde.

*Vegetasjon:* Rustsivakseng dominerer. Elles har Holten m. fl. (1986) notert følgjande (ikkje same typar som hos Fremstad 1997): saltbendelpanne, fjøresaltgraseng, ishavsstorreng, saltsiveng, raudsvingeleng, strandstjernesteinstrand, fjøresivakseng, småsivakseng, fjørestorreng, finnskjeggeng, tangmelde-vrangdå-klengjemaure-voll, strandrugvoll, kvekevull, hestehavrevoll, gåsemurevoll og høymole-fleirårsvoll.

*Kulturpåverknad:* Området har relativt få fysiske inngrep, litt køyrespor.

*Artsfunn:* Relativt artsrikt (73 planteartar), m. a. Bogestorr, saltbendel, ishavsstorr, småsivaks, fjøresaltgras, taresaltgras og kystgrisøyre (Holten m. fl. 1986). Havbendel er funnen av Finn Wischmann. Rasteplass for trekkande våtmarksfugl. Observert hegge (2), sandlo (6), myrsnipe (18) og storspove (1) i sept. 2002. Hekking av m.a. fiskemåse og gravand (kjelde: Astrid Woll).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større område med velutvikla strandenger og strandsumpar. Mange vegetasjonstypar er representerte, og det er store areal med rustsivakseng.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå gjødselpåverknad og fysiske inngrep. Moderat beiting er positivt.



## 4 Midøya: Midttun-Gangstad (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-4
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 770-773, 499-507
<b>Høgd over havet:</b>	50-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.05.2003, 09.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Edellauvskogområde med hassel i den vest- og sørvestvendte fjellsida under Litlekulen mellom Gangstad og Midttun på Midøya.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, rasmark med fine og artsrike snørasenger som tidlegare sannsynlegvis har vore beita. Av treslag finst alm, dunbjørk, gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje.

*Kulturpåverknad:* I det store og heile liten, men platanlønn finst, og vil truleg spreia seg.

*Artsfunn:* Artsrik plantelokalitet med 104 registrerte artar. Det vart notert m.a. akeleie, bergfrue, blåstorr, breiflangre, fingerstorr, fjellmarikåpe, fjellsmelle, gulskolm, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, kranskonvall, kransmynte, krossved, kusymre, kvitbladtistel, kvitsymre, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, mjølbær, myske, nattfiol, nyresoleie, olavsskjegg, ramslauk, raud jonsokblom, revebjelle, rosenrot, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storblåfjor, storfrytle, sumphaukeskjegg, svartburkne, svarterteknapp, svartknoppurt, vivendel, vårmarihand. Av sopp er det notert svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V-sårbar), raudskjelslørsopp *Cortinarius bolaris*, lundslørsopp *Cortinarius largus*, mørkfiolett slørsopp *Cortinarius violaceus*, *Entoloma melanochroum* cf., koboltrødskevessopp *Entoloma nitidum*, loden begermorkel *Helvella macropus*, bleikt fløyelsbeger *Humaria hemisphaerica*, kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, "hasselnøttbeger" *Hymenoscyphus fructigenus*, silketrevlesopp *Inocybe geophylla*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R-sjeldan), slimmorkel *Leotia lubrica*, eseløre *Otidea onotica*, kvit småfingersopp *Ramariopsis kunzei* (DC-omsynskrevande), marsipankremle *Russula grata* (R-sjeldan), smørkremle *Russula lutea*. Av fugl i hekketida er det notert spettmeis, lauvsongar, svarttrast, gransongar, raudstrupe, måltrast, jarnsporv, munk, linerle, blåmeis, grønfinke.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) med eit godt artsutval av planter og fleire raudlisteartar av sopp.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

## 5 Midøya: Stordalen-Store Digerneset-Hamnaneset (kystlynghei)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-5
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 767-777, 514-527
<b>Høgd over havet:</b>	0-100 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av hevd, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Fremstad m. fl. (1991, fly/bilrekognosering)

### Områdeskildring

*Generelt:* Kystlynghei på strandflate og vesthellingar på vestsida av Midøya, areal ca. 0,8 km<sup>2</sup>. Berggrunnen er gneis.

*Vegetasjon:* Ulike typar kystlynghei (H-serien).

*Kulturpåverknad:* Fleire dyrkingsfelt (ved Store Digerneset og Hellarmyra). Riksveg langs indre del av strandflata. Kystlyngheia har vore ute av tradisjonell bruk i lengre tid og er i attgroing.

*Artsfunn:* Det er ikkje utført artsregistreringar.

*Verdsetting:* "Bevaringsverdien er trolig liten på fylkes- og landsplan" (Fremstad et al. 1991). Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei kystlynghei som har gått ut av bruk og som er i attgroing.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg å halda ved like ein del av heilandskapet på Midøya med tradisjonell drift (sviing, beiting). Dette er ein av to større lyngheiområde som er avgrensa i kommunen.

## 6 Midøya: riksgrensa (sørvendte berg og rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-6
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 779 525
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Sørvendte berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1974), 07.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei vestvendt fjellside på Midøya, nord og sør for den gamle riksgrensa mellom Noreg og Sverige frå 1600-talet. Området har interessante, kalkrike kambrosilurbergartar tilhøyrande Trondheimsfeltet. Lokaliteten ligg sør for Bjørneremshellarane og strekkjer seg mest frå riksvegen og truleg langt opp i berget på vestsida av Rånddalshornet, som ikkje er råd å undersøkje utan klatreutstyr.

*Vegetasjon:* Bergsprekk og bergvegg (F2) av rik type og med ein del sigevatn, rasmark.

*Kulturpåverknad:* Riksgrensa mellom Noreg og Sverige vart bygd her midt på 1600-talet i form av ein høg steinmur. Litt uttak av masse ned mot vegen.

*Artsfunn:* Rikt på kalkkrevande planter. Av planter kan nemnast bergasal (norsk ansvarsart), bergfrue, blåstorr, dunhavre, enghumleblom, engstorr, fjellmarikåpe, fjellsmelle, gulsildre, gulskolm, hestehov, jåblom, svartkonvall, loppstorr, raud jonsokblom, raudsildre, revebjelle, rosenrot, skogvikke, smalkjempe, storfrytle, svartburkne, tettegras og tiriltunge. Malme (1974) nemner følgjande kalkkrevande og interessante moseartar frå eit ikkje nøyaktig stadfesta berg i nærleiken: krusfellmose *Neckera crispa*, kalkmose *Cratoneuron filicinum*, kamnose *Ctenidium molluscum*, sprikemoldmose *Eurhynchium praelongum*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum* og putevrimose *Tortella tortuosa*. Malme (pers. medd. 2004) har bekrefta at funna er gjort i nærleiken av den gamle riksgrensa. Vidare har han notert følgjande planter: grønburkne, ramslauk, skjørlok, raudsildre, bergfrue, rosenrot, fjellsmelle og skogvikke. Jf. også den nærliggjande lokaliteten Bjørneremshellarane. Utflogne ramneungar vart også observert i berget.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein relativt artsrik og interessant lokalitet med dels kalkkrevande og dels varmekjære planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 7 Midøya: Bjørneremshellarane (grotter, nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-7
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 779 525
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Grotter, andre viktige førekomster (nordvendte kystberg)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Malme (1974), 03.09.2002, JBJ, 15.10.2003 Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Tre marine grotter (brenningsholer) som ligg nær kvarandre på nordvestsida av Midøya. Dei vert kalla Sauehellaren, Geithellaren og Litjhellaren. Naturtypen "nordvendte kystberg" er ikkje nemnt i DN (1999a), men skildra av Gaarder m. fl. (2001). Området har interessante, litt kalkrike bergartar. Malme (1974) omtalar ein interessant men dårleg stadfesta lokalitet med kalkrikt berg og mange sjeldne mosar ved LQ 78 52, vestsida under bratt berg med kalkrikt sigevatn ca. 10 moh, truleg nær hellarane ein stad.

*Vegetasjon:* Bergsprekk og bergvegg (F2), hinnebregneutforming, omsynskrevande vegetasjon (Fremstad & Moen (2001).

*Kulturpåverknad:* Det går merka sti fram til holene, litt trakkslitasje.

*Artsfunn:* I Geithellaren vart det funne murburkne, og i denne og Litjhellaren var det ein god del krokodillemose *Conocephalum conicum*, som ikkje er særleg uvanleg, men som gjerne veks i hellarar. Det vart elles funne mykje mose og algar som ikkje vart bestemt. Hausten 2003 vart det registrert mosar ved alle tre hellarane (bestemt av dr. scient. og moseekspert Kristian Hassel): *Amblystegium serpens* trådkryp-mose, *Bartramia pomiformis* eplekulemose, *Bazzania trilobata* storstylte, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Fissidens dubius* kystlommemose, *Homalothecium sericeum* krypsilkemose, *Isothecium myosuroides* musehalemose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Pellia endivifolia* kalkvår-mose, *Plagiomnium undulatum* krusfagermose, *Plagiothecium undulatum* kystjammemose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose, *Thuidium tamariscinum* stortujamose. Fleire av desse er oseaniske.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med eit middels interessant artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i og ved grottene.

## 8 Midøya: under Høgfjellet (grotte, nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-8
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 7833 5278
<b>Høgd over havet:</b>	10-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Grotter, andre viktige førekomster (nordvendte kystberg)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ferdsleslitasje
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Ei marin grotte (brenningshole) på nordvestsida av Midøya, eit stykke nord for dei tre Bjørneremshellarane. Naturtypen "nordvendte kystberg" er ikkje nemnt i DN (1999a), men skildra av Gaarder m. fl. (2001).

*Vegetasjon:* Bergsprekk og bergvegg (F2), hinnebregneutforming, omsynskrevande vegetasjon (Fremstad & Moen (2001).

*Kulturpåverknad:* Det går ein veg mest fram til hola, elles liten påverknad.

*Artsfunn:* Det vart funne hinnebregne (raudlisteart, kategori V-sårbar), dronningmose *Hookeria lucens* (suboseanisk, spreidd) og putevrime *Tortella tortuosa* i og ved hola. Dei to første er særleg fukt-krevande og frostvare kystartar, den siste er ein vidare utbreidd, men kalkkrevande art.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med eit middels interessant artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i og ved grotta.

## 9 Midøya: Nygårdsvika, austsida av Høgfjellet (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-9
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 787-789, 527-530
<b>Høgd over havet:</b>	50-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.05.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit edellauvskogområde med hassel i den aust- og søraustvendte fjellsida under Høgfjellet ved Nygårdsvika sør for Bjørnerem på Midøya.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, rasmark. Av treslag finst dunbjørk, gråor, hassel, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Liten, men platanlønn finst, og vil truleg spreia seg.

*Artsfunn:* Det vart notert m.a. blå rapp, fagerperikum, fingerstorr, gulsildre, hengjeaks, jordnøtt, kranskonvall, kusymre, kvitsymre, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, mjølbær, myske, nyresoleie, rosenrot, skogsalat, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp og vivindel. Av fugl i hekketida er det notert spettmeis, lauvsongar, svarttrast, gransongar, måltrast og jarnsporv.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) med eit moderat artsutval av planter. I tillegg kjem viltverdi som ikkje er vurdert her.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

## **10 Magerøya: Kvaløya (naturbeitemark)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-10
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 800-807, 551-553
<b>Høgde over havet:</b>	0-21 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark, kystlynghei
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2003, JBJ (kikkert)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Kvaløya er ein holme som er grasdominert, med litt lyng, litt smårogn og litt bergfuru/sitkagran.

*Vegetasjon:* Mosaikk mellom fuktig og frisk fattigeng (G1, G4), tørr og fuktig kystlynghei, øya er i hovudsak grasdominert. Litt oppslag av smårogn.

*Kulturpåverknad:* Sommaren 2003 vart det sett 8-10 sauer her.

*Artsfunn:* Ikkje undersøkt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark og kystlynghei som framleis er i bruk til beiting.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Lokaliteten bør beitast også i framtida.

## **11 Magerøya: Leira (havstrand, viltområde)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-11
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 800-802, 559-561
<b>Høgde over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	03.09.2002 og 08.08.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Mudderfjøre som er matleitings- og hekkeområde for våtmarksfugl, smale strandenger opp mot lokalvegen forbi bukta.

*Vegetasjon:* Strandenger med krypkvein (mykje), saltsiveng, noko driftvollar og forstrender med strandstjerne.

*Kulturpåverknad:* Grensar til veg og dyrka mark, noko utfylt stein, særleg i nordre del.

*Artsfunn:* Noterte planter er m.a. tangmelde, strandstjerne, krypkvein, saltsiv, strandkryp, strandkjempe, fjøresaulauk. Matleitingsområde for hegre, storspove, sandlo, gravand, tjeld, raudstilk, fiskemåse, gråmåse, svartbak, kråke m.m. Truleg hekking av tjeld, skjerpipierke, raudstilk og strandsnipe.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit mindre areal med strandenger. Mudderflatene har mest viltverdi.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 12 Otrøya: Uglvika (havstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-12
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 82 54
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng og strandsump (+viltområde)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei mudder- og leirfjøre med strandenger vest for Sør-Aukra kyrkje ved Uglvika, både ein havstrandtype og eit matleitings- og hekkeområde for våtmarksfugl. Området grensar til lynchhei, myr og dyrka mark.

*Vegetasjon:* Saltsivenger, krypkveinenger, rustsivaksenger.

*Kulturpåverknad:* Dyrka mark inntil, steinfylling, vegar.

*Artsfunn:* Noterte planteartar var m. a. bogestorr, fjørekoll, fjøresaulauk, fjøresivaks, fjørestorr, gåsemure, krypkvein, rukkerose, rustsivaks, saltsiv, skjørbuksurt, strandkjempe, strandkryp, strandstjerne, tangmelde. Matleitingsområde for våtmarksfugl. Det vart også observert ein otersti.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av ein viss variasjon i vegetasjonstypar og artsmangfald, og funksjon for våtmarksfugl.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i strandområda.

## 13 Otrøya: Uglvik: ved hamna (olivinfelt)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-13
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 822-823, 543-545
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 0-10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg, kantkratt og rasmark
<b>Naturtype:</b>	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit område med oppstikkande olivinknausar på austsida av hamna i Uglvika. På olivinknausane kjem det opp buskfuuru.

*Vegetasjon:* Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark (F6a).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til bustader, vegar, steingjerde, dyrka mark m.m. som har teke noko av olivinknausane.

*Artsfunn:* Viktigast er førekomstar av raudlistearten brunburkne, som også er ein globalt truga art og ein norsk ansvarsart. Elles vart det funne bergfrue, bjønnbrodd, blankburkne, blåklokke, blåknapp, enghumleblom, fagerperikum, grønburkne, gåsemure, knegras, kornstorr, krypkvein, mjølbær, nattfiol, rundskolm, strandkjempe, tiriltunge, tågebær.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig), særleg på grunn av førekomstane av brunburkne, som er ein internasjonalt truga art knytt til olivin. Elles førekjem mange andre artar typiske for olivin som blankburkne og grønburkne.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå fysiske inngrep i olivinfelta. Ein bør vurdere å avgrensa bustadbygginga trass i at det her er ei godkjend reguleringsplan. M.a. er brunburkne ein internasjonalt truga art, som bør vera eit nytt moment i høve til vidare utbygging.

## 14 Otrøya: Uglvik: nordaust for Sør-Aukra kyrkje (olivinfelt)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-14
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg

<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 827-831, 542-545
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 10 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg, kantkratt og rasmark
<b>Naturtype:</b>	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Kristiansen (1975), 21.07.1994, Finn Wischmann, 02.01.1999, GGa, 07.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit nokså flatt område aust for riksvegen mellom Sør-Aukra kyrkje og Sletta, med oppstikkande olivinknausar. På olivinknausane kjem det opp buskfuru eller bergfuru.

*Vegetasjon:* Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark (F6a).

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten grensar til bustader, riksveg m.m. som har teke litt av olivinknausane.

*Artsfunn:* Viktigast er førekomst av raudlistearten brunburkne, som også er ein globalt truga art og ein norsk ansvarsart. Elles vart det funne blankburkne, blåklokke, blåknapp, bråtestorr, dvergjamne, enghumleblom, engstorr, fagerperikum, grønburkne, grønstorr, heisiv, hengjeaks, hundekvein, kattefot, knegras, knopparve (typisk på olivin i Uglvik-området), kornstorr, kystmyrklegg, loppestorr, lusegras, mjølbær, rundskolm, småsivaks, storblåfjør, svartopp, særbustorr, trådstorr.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig), særleg på grunn av førekomstane av brunburkne, som er ein internasjonalt truga art knytt til olivin. Elles førekjem mange andre artar typiske for olivin som blankburkne, grønburkne og knopparve.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå fysiske inngrep i olivinfelta.

## 15 Otrøya: Uglvik: Raudberga (Jutulskardet) (rikmyr, olivinfelt)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-15
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 824-831, 551-554
<b>Høgde over havet:</b>	10-20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg, kantkratt og rasmark. Myr.
<b>Naturtype:</b>	Ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet. Rikmyr.
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.07.1971, JK (Kristiansen 1975), 30.07.1969 R. Nordhagen, 25.07.1992, K. A. Lye, 03.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er eit nokså flatt myr- og hei-område med oppstikkande olivinknausar spreidd over heile det avgrensa området. På olivinknausane kjem det opp furu (truleg bergfuru). Baserikt sigevatn frå olivinfelta gjev grunnlag for basekrevande myrvegetasjon i dei lågare partia. Mange botanikarar har vitja dette særmerkte området.

*Vegetasjon:* Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark (F6), intermedier og rik myr. Visse utformingar av F6 skal reknast som sårbar vegetasjonstype, truleg gjeld det olivinføremster med brunburkne (Fremstad & Moen 2001).

*Kulturpåverknad:* Leirduebane ligg inne i det det avgrensa området, massetak ved riksvegen, grensar til dyrka mark, litt planta bartre.

*Artsfunn:* Viktigast er spreidde førekomst av raudlistearten brunburkne, som også er ein globalt truga art og ein norsk ansvarsart. Posisjonane for funnstadene vart i 2002 målt med GPS, og er presenterte i funnoversikta for raudlisteartar (tabell 8). Andre artar på olivin: blankburkne, innlandsform av knopparve, tiriltunge, mjølbær, smalkjempe, tågebær og grønburkne (LQ 8292 5552). Kristiansen (1975) nemner også grønburkne, skjørbuksurt, strandsmelle, rundskolm og ei "olivinform" av vanleg arve (jf. *Cerastium vulgatum* var. *glabrescens*, Rune 1953). I intermedier til rik hei og myr vart det notert enghumleblom, jåblom, kornstorr, særbustorr, myrsaulauk, knegras, kystmyrklegg, loppestorr, myrsnelle, breiull og fagerperikum. Det vart og notert eit par raudskivesoppar (*Entoloma serrulatum*, *E. Longistriatum*). Jarle Kristiansen har teke eit belegg av engstorr frå dette området.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) særleg på grunn av førekomstane av brunburkne, som er ein internasjonalt truga art knytt til olivin.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig å unngå fysiske inngrep i olivinfelta.

## 16 Otrøya: Raknes-Korveneset (kystlynghei, myr)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-16 (Naturbasen 154500303)
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 811-828 554-569
<b>Høgd over havet:</b>	0-68 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap, myr
<b>Naturtype:</b>	Kystlynghei, intakt låglandsmyr, rikmyr
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av tradisjonell bruk, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Fremstad m. fl. (1991)

### Områdeskildring

*Generelt:* Strandflate på vestsida av Otrøya, vest for Raknes, areal ca. 1,8 km<sup>2</sup>. Lokaliteten er kalla "Raknes" av Fremstad et al. (1991) og "Ramnhella-Røberga" i Naturbasen og ligg mellom Risvika, Kvalvika og Korveneset. Lyngheilandskap med røsslyngheiar og myrtypar av atlantisk karakter. Berggrunnen er dels olivin (ved Risvika), dels granittisk augegneis.

*Vegetasjon:* Heiene skiljer seg ut frå dei lenger sør i landet med førekomst av meir dvergbjørk, heigråmose og lavar. Karakteristisk er store areal med tørr hei av røsslyng-gråmose-type (H1c) og små flekkvise areal med pyttlavtype (H2c). Vegetasjonen er mosaikkprega m.a. som følgje av det kuperte landskapet, med sonering frå myr i søkk, via røsslyng-duskull-heisiv-type (H2b), røsslyng-blåtopptype (H2a), tørr lynghei til gråmose-lavdominerte kollar med mykje bart fjell (H1c). Heia inneheld mykje blåbær. Myr dekkjer større areal enn hei, både ombrotrofe tuvemyrer og fattige fastmattemyrer er godt representerte. Rundt Risvik finst intermediær-rik myr som følgje av basisk sigevatn frå olivinberget.

*Kulturpåverknad:* Veg og kraftline til Magerøya går gjennom området.

*Artsfunn:* Det vart notert 140 planteartar, m. a. grønburkne, blankburkne, engtjæreblom, heifrytle, svartknoppurt, breiull, klokkevintergrøn, stivstorr, bjønnbrodd og fjelltistel.

*Verdsetting:* "Bevaringsverdien vurderes til svært stor på fylkesplan og stor på landsplan" (Fremstad et al. 1991). Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er den største kystlyngheia i kommunen, som er rimeleg intakt, men likevel ikkje i tradisjonell hevd og derfor i attgroing.

### Skjøtsel og omsyn

Det er stort behov for å ta opp att skjøtselen av lyngheiene, brenning av gammel lyng og oppattaking av beitinga.

## 17 Otrøya: Kvalvika (havstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-17 (Naturbasen 154500301)
<b>Kartblad:</b>	1220 III Brattvåg
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 82, 56-57
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Sandstrand, sanddyner, strandeng og strandsump
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.06.1972, JK, 14.08.1984, AAF (Holten m. fl. 1986)

### Områdeskildring

*Generelt:* Sandstrand med låge dyner og tilliggjande strandengområde. Eitt av tre område i fylket med intakte overgangar frå framre dynesystem til og med dynelynghei (de to andre ligg på Harøya i Sandøy). Området på Otrøya er lite, men tilgrensande strandenger aukar verdien vesentleg.

*Vegetasjon:* I systemet til Holten m. fl. (1986, anna inndeling enn Fremstad 1997): fjøresaltgraseng, ishavsstorreng, saltsiveng, raudsvingeleng (delvis dyneprega), rustsivakseng, fjørestorreng, tangmeldevoll, høgurt-fleirårsvoll, strandkveke-fordyne (berre med hybriden strandkveke x kveke), lys strandrugdyne, lav/moserik etablert dyne, dynelynghei, kvekedyne.

*Kulturpåverknad:* I 1984 notert sandtekt, køyrespor og litt fylling av stein frå dyrka mark. Området på nordaustsida av Kvalvika er oppdyrka ned mot stranda. Det er ikkje sjekka om tilstanden har endra seg etter 1984.

*Artsfunn:* Førekost av nokså mykje ishavsstorr. Området er middels artsrikt (69 artar), m. a. rustsivaks, fjørestorr. Engstorr funne av JK. Krysningen strandkveke x kveke vart påvist.  
*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at ein her har intakte dynesamfunn av ein viss storleik og variasjonsbreidde, og hybridene strandkveke x kveke.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i strandsamfunna.

## 18 Otrøya: Sandvika (havstrand)

**Lokalitetsnummer:** 1545-18  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 83 58  
**Høgde over havet:** 0-1 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Strandeng og strandsump (+viltområde)  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 13.08.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), 03.09.2002, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Mudder- og leirfjøre som er matleitings- og hekkeområde for våtmarksfugl. I bakkant strandenger av botanisk interesse. Området grensar til lynghei, myr og dyrka mark.

*Vegetasjon:* Notert av Holten m. fl. (1986, ikkje same typar som Fremstad 1997): fjørestorring, ishavsstorring, saltsiveng, raudsvingeleng, havstorring, tangmelde, vrangdå-klengjemaure-voll, kvekevoll, høymole-fleirårsvoll.

*Kulturpåverknad:* Dyrka mark inntil, noko steinfalling i stranda.

*Artsfunn:* Noterte planteartar var m. a. ishavsstorr og havstorr. Matleitingsområde for vassfugl.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er strandenger med ein viss variasjon i vegetasjonstypar og artsmangfald. Lokaliteten har dessutan funksjon for våtmarksfugl.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i strandområda.

## 19 Otrøya: Rakvågen (brakkvasspoll, undervassenger)

**Lokalitetsnummer:** 1545-19 (Naturbasen 154501600)  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 832-843, 548-555  
**Høgde over havet:** 0 m  
**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst  
**Naturtype:** Brakkvasspoll, undervassenger, grunne straumar (+viltlokalitet)  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende  
**Undersøkt/kjelder:** Folkestad (1977)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ein brakkvasspoll forbunde med sjøen med ein grunn straum under riksvegen. Staden heiter på økonomisk kart berre "Innafor straumen". Lokaliteten har grunne ålegrasenger med funksjon som vinterbeite for songsvaner, med inntil 15-20 individ, dessutan søkjer ein del ender og vadefugl næring under trekket og om vinteren. DN-handboka om kartlegging av marint mangfald skildrar vidare tidevass-straumar som ein viktig natyrtype som skal kartleggast.

*Vegetasjon:* Ålegrasenger i deler av området.

*Kulturpåverknad:* Pollen er omringa av dyrka mark, vegar og busetnad. Straumen er sterkt kulturpåverka: tre bruer, den eine er rive, men fundamenta står att. Rett utanfor moloar, sjøbuer og båthammer.

*Artsfunn:* Undervassenger med ålegras. Artsmangfaldet under vatn er dårleg undersøkt. Fingertare, rugl, mykje fastsittande hardbotnsorganismar i straumen. Pollen er vinterbeiteområde for songsvane og ender.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein brakkvasspoll med eit relativt ordinært artsutval ut frå det som er kjent til no.

#### Skjøtsel og omsyn



Ein bør unngå fysiske inngrep som fylling og graving i pollen.

## 20 Otrøya: Vardlia ved Holevatnet (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1545-20 (Naturbasen 154502605)  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 851-853 549-550  
**Høgde over havet:** 60-120 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte, fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 06.07.1988, JBJ & OAB, 29.05.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Edellauvskogområde med hassel nordaust for Holsvatnet. Mykje av skogen er uret hasselkratt.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, berg og rasmark. Av treslag finst alm, dunbjørk, hassel, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Liten oppe i bratta, nedanfor grusveg m.m.

*Artsfunn:* Det vart notert bergfrue, breiflangre, brunrot, fagerperikum, fingerstorr, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, kranskonvall, krattlodnegras, krossved, kvitsymre, liljekonvall, lundrapp, mjølbær, myske, revebjelle, sanikel, skogsvinerot, skogsvingel, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne og vivendel. Av fugl i hekketida er det notert spettmeis, lauvsongar, bokfink, svarttrast og gransongar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) med eit middels artsutval av planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

## 21 Otrøya: Kjerringvatnet (rik kulturlandskapssjø)

**Lokalitetsnummer:** 1545-21 (Naturbasen 154500700)  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 843-845, 554-557  
**Høgde over havet:** 18 m  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn/våtmark  
**Naturtype:** Rike kulturlandskapssjøar. Viltlokalitet  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Ingen kjende, naturreservat  
**Undersøkt/kjelder:** Folkestad (1977), Fylkesmannen (1982), Naturbasen, 07.07.1996, DH & Tore Frøland, 07.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Verna som våtmarksreservat 27.05.1988. Lita frodig tjønn kranse av dyrkamark og noko kratt/skog. Hekkeplass for kravfulle og sjeldne våtmarksfuglar.

*Vegetasjon:* Kraftig vegetasjon av elvesnelle, flasketorr, tjønnaks og kvit nøkkerose, om sommaren er vassflata stort sett dekt av vegetasjon. I kantane mykje strandrøyr, skogrøyrkvein, vendelrot og litt kratt av øyrevier.

Mellom tjønnna og dyrka mark ligg frodige myrparti. Ved austenden og mot vegen er det eit litt krattskog.

*Kulturpåverknad:* Grensar mot riksveg, lokalveg og dyrka mark. Truleg noko forureina av av sig frå dyrka mark. Utløpsbekken er litt seinka (kjelde: AOF).

*Artsfunn:* Vassvegetasjonen er ikkje skikkeleg undersøkt, jf under vegetasjon ovanfor. Mest interessant som hekkeplass for sothøne (Folkestad & Follestad 1974, Johansen 1975, Folkestad 1978), og som potensiell hekkeplass for sjeldne grasender. Det er elles påvist hekkande stokkand, vipe og raudstilk (Folkestad 1977).

Dessutan har det hekka krikand, og myrrikse, vassrike og sivsongar er høyrte (AOF medd. JBJ 2004). Syngande elvesongar vart observert i hekketida 07.07.1996, DH & Tore Frøland (Høyland m. fl. 2000, Ålbu 2001). Elles m.a. sivsporv. Om vnteren kjem her av og til songsvane.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein intakt kulturlandskapssjø på kysten med nokre interessante artar. Verdien som viltlokalitet må vurderast for seg. Slike rike kystvatn med mykje vegetasjon har stort potensiale for kravfulle artar, og vil få verdi A som viltlokalitet, og som samletema Biologisk mangfald.

### Skjøtsel og omsyn

Av vernereglane kjem det mellom anna fram at det er forbod mot all ferdsel i perioden 1.4-31.8. Det kan vera grunn til å følgja med på attgroingsprosessen i tjønna, og vurdere tiltak mot denne.

## 22 Otrøya: utløpet av Torsvikelva (havstrand)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-22
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 843 560
<b>Høgd over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Brakkvassdelta (+viltområde)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Elveutløp med sand/grus, strandengområde på ca. 1 dekar, matleitingsområde for våtmarksfugl. I bakkant strandenger av botanisk interesse.

*Vegetasjon:* Brakkvassenger med raudsvingel/tiriltunge, driftvollar m.m.

*Kulturpåverknad:* Området grensar til veg, skog og kulturmark. Elva er forbygd mest til utløpet. Ny bru nær utløpet, kraftlinje, naust.

*Artsfunn:* Noterte planteartar var m. a. fjørekoll, fjøresauløk, gåsemure, hanekam, havbendel, hundekjeks, kveke, mjødukt, saltsiv, skjørbuskurt, strandkjempe, strandkryp, strandrug, strandrøy, tangmelde, tiriltunge. Matleitingsområde for m.a. måsefuglar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av ein viss variasjon i vegetasjonstypar og artsmangfald, og funksjon for våtmarksfugl.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i strandområda.

## 23 Otrøya: Vågsdalen (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-23 (Naturbasen 154502605)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 85-87, 56
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 80-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.07.1988, JBJ & OAB, 09.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Edellauvskogområde med alm og hassel. Mykje av skogen er hasselkratt. Alm finst innover heile dalen, spreidd i den brattaste lia. Elles finst rogn, bjørk, noko småosp, gråor og einer.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, høgstauderbjørkeskog, rasmark og berg.

*Kulturpåverknad:* Liten i dag. Tidlegare beiting og hogst.

*Artsfunn:* Inne i sjølve dalen vart det i 1988 notert lundgrønaks, vivendel, skogfredlaus, junkerbregne, breiflangre, mykje kusymre, jordnøtt, gulskolm og krattlodnegras, elles sanikel, krossved, brunrot, trollurt, myskegras, hundekveke, skogsalat, skogvikke, kratthumleblom, skogsvinerot, raud jonsokblom, lundrapp, kranskonvall, trollbær og alm. I berg/ur vart det funne bergskrinneblom, rosenrot, lodnerubom, blårapp, svartburkne og åkerminneblom. I sørvestvendt skog/rasmark i utløpet av Vågsdalen vart det i 2003 notert m.a. hundekveke, kranskonvall, krossved, lundgrønaks, lundrapp, myske, rosenrot, sanikel, skogvikke, stankstorkenebb, storfrytle, vivendel og våreterknapp. Her vart det og funne ei gammal selje med mykje lungenever og sølvnever. Ved utløpet av Vågsdalen vart det i 2003 også notert m.a. følgjande soppartar (ingen raudlista): seig høstmorkel *Helvella elastica*, blekt fløyelsbeger *Humaria hemisphaerica*, silketrevlesopp *Inocybe geophylla*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, eseløre *Otidea onotica*, gråsvart kremle *Russula albonigra*.  
*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) med eit middels artsutval av planter og sopp.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

## 24 Otrøya: Rørset (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-24
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 860 574
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av hevd, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	23.06.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei beitemark som ligg ved riksvegen ved Rørset på nordsida av Otrøya. Lokaliteten er ikkje avmerka med markslag på tilgjengeleg økonomisk kartgrunnlag og er nokså grovt avgrensa.

*Vegetasjon:* For det meste G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type, som vert rekna som ein truga type.

*Kulturpåverknad:* Beita av m.a. hest i 2003. Grensar til sitkagranplanting i vest og riksvegen i nord.

*Artsfunn:* Artsutvalet av planter var nokså trivielt bortsett frå jordnøtt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei nokså artsfattig naturbeitemark, men med den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg å halda ved like nokre av dei siste intakte naturbeitemarkene i kommunen. Derfor bør lokaliteten beitast også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller pløya.

## 25 Otrøya: Ræstادتangen (havstrand, viltområde)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-25 (Naturbasen 154501100)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 896 586 (midtpunkt)
<b>Høgde over havet:</b>	0-1 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Strandeng/strandsump, undervassenger
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjente (naturreservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Folkestad (1978), 14.08.1984, AAF (Holten m. fl. 1986), Oterhals (1996), 05.09.2002, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Ræstادتangen er ein landtange (også kalla Ræstadholmen) på nordsida av Otrøya. Julnes (2001, s. 24-25) har eit detaljkart med mange lokalnamn. På austsida av tangen ligg Ræstadbukta (tidlegare god sildebukt) med stor grusstrand og attaforliggjande breie og omfattande strandenger (Våtå, Sjø-øyrene) med meanderande drenering ut frå ein større pøl (Stortjønna). Bak Stortjønna er det samanhengande strandvegetasjon vidare over til sjøen på vestsida av tangen (Tjellberga, Vølen, Ræstadvika). Lokaliteten grensar til dyrka mark og hei i sør og Ræstadfisk klekkeri i nord. Ræstادتangen er brukt til friluftsområde, og det er gjeve statstilskott til bygging av ein almen parkeringsplass ved klekkeriet. Området vart verna hausten 2002 i samband med verneplan for havstrand og elveos. Verna areal er 80 dekar land- og 55 dekar sjøareal. Avgrensing følgjer reservatgrensene.

*Vegetasjon:* Holten m. fl. (1986) har notert (anna system enn Fremstad 1997): busttjønna-samfunn, småhavgraseng, salturt-forstrand, fjøresaltgraseng, saltsiveng, saltsiv-strandkjempe-eng, raudsvingeleng, strandkjempe-strandkryp-grusstrand (med salturt), rustsivakseng, fjørestorreg, pølstorrpøl, kvekevull.

*Kulturpåverknad:* Strandengene har tidlegare vore slåttemark. Beitetrakk, køyreskader og gjødsling vart noterte i 1984 som reversible inngrep, da beita ca. 20 mjølkekyr her, medan det i 1995 var 5-6 ungdyr. Moderat beiting vert sett på som positivt. Vegfylling over området hindrar i liten grad naturleg vassutskifting. Vassleidning og høgspenlinje (jordkabel) er lagt over området. Forbygging av Ræstadelva vart utført like inntil reservatet i 2002.

*Artsfunn:* Området er artsfattig (38 planteartar), men inneheld den regionalt sjeldne brakkvassplanten busttjønna, elles småhavgras, salturt, pølstorr og saltarve. Området har elles verdi for vade- og sjøfugl.

Området er bruka som rasteplass under trekket og som overvintringsplass for m.a. gråstrupedykker, ærfugl, havelle og sjøorre. Aktuelle hekkande artar er sandlo, vipe, raudstilk, strandsnipe og tjeld. Grågås vitjar området i hekketida. Om vinteren beiter ein del fugl på grunnene utanfor: inntil 6 gråstrupedykkarar, ein del ærfugl, inntil

15-20 sjøorre og 20-30 haveller. I og ved Stortjønna vart det 05.09.2002 sett 4 stokkender, 6 krikkender og enkeltbekkasin.

**Verdsetting:** Området har stor verdi som regionalt spesialområde (Oterhals 1986). Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større og velutvikla strandengområde med god variasjon i vegetasjonstypar og fleire regionalt sjeldne artar. I tillegg fungerer lokaliteten som eit viktig viltområde.

#### Skjøtsel og omsyn

Moderat beiting er positivt. Fuglelivet bør få fred i hekketida. Reservatet har eigne forskrifter.

## 26 Otrøya: Sundsbø: N for Holten (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-26
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 934 589
<b>Høgd over havet:</b>	60-150 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg og rasmark
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg)
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.12.2000, GGa & JBJ, 15.10.2003 Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ei horisontal kløft på øversida av riksvegen vest for Sundsbøen. Her er det nordvendte berghamrar, lynghei og lauvskog. Mest interessant i denne samanheng er eit utval mose- og planteartar knytt til stabilt fuktig og vintermildt kystklima, som blir danna i slike nordvendte brattheng og kløfter. Naturtypen er skildra av Gaarder m. fl. (2001), men ikkje med i DN (1999a).

**Vegetasjon:** Bergvegg og bergsprekk, hinnebregeutforming, ein vegetasjonstype som er rekna som omsynskrevande (LR) av Fremstad & Moen (2001).

**Kulturpåverknad:** Litt vedhogst og truleg beiting tidlegare.

**Artsfunn:** Det vart i 2000 og 2003 funne fleire moseartar knytt til stabilt fuktig og vintermildt kystklima (oseaniske og suboseaniske mosar). Noterte moseartar (alle bestemt/kontrollert av Kristian Hassel): *Andreaea alpina* kystsotmose, *Andreaea rupestris* bergsotmose, *Aneura pinguis* feittmose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Blindia acuta* rødmesigmose, *Breutelia chrysocoma* gullhårmose (gode bestandar, god indikator på nordvendte kystberg), *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Cynodontium polycarpon* bergskortemose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Douinia ovata* vengemose, *Fissidens osmundoides* stivlommemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Hylocomiastrum umbratum* skuggehusmose, *Jungermannia obovata* sprikesleivmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Plagiochila asplenioides* prakthinnemose, *Plagiomnium undulatum* krusfagermose, *Plagiothecium undulatum* kystjammemose, *Ptilium crista-castrensis* fjørmose, *Racomitrium aquaticum* bekkegråmose, *Rhabdoweisia crispata* kyststurnemose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose, *Rhytidiadelphus triquetrus* storkransmose, *Tetralophozia setiformis* rustmose, *Thuidium tamariscinum* stortujamose, *Trichostomum tenuirostre* kaursvamose, *Tritomaria quinqueidentata* storhoggtann. Elles vart det funne fjelltistel, rabbesiv og mykje storfrytle.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at her er gode bestandar av einskilde oseaniske/suboseaniske mosar, m.a. av gullhårmose som her nærmar seg nordgrensa si.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som vesentleg endrar fukttilhøva og berører veksestadene for dei kravfulle artane. Det beste er om ein ikkje høgg ved inntil berget.

## 27 Otrøya: Sundsbø: N for Nakken (nordvendte kystberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-27
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 935-939 583-586
<b>Høgd over havet:</b>	40-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Berg og rasmark
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg)
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende

**Undersøkt/kjelder:** 09.08.1892 (Kaalaas 1911), studentekskursjon 03.07.1934 (m. a. Asbjørn Hagen og Per Størmer), Malme (1974)?, 02.12.2000, GGa & JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg i ei nordvendt gryte på øversida av riksvegen sør for Sundsbøen. Her er det nordvendte berghamrar, lynghei og lauvskog. Mest interessant i denne samanheng er eit utval mose- og planteartar knytt til stabilt fuktig og vintermildt kystklima (oseaniske og suboseaniske mosar). Naturtypen er skildra av Gaarder m. fl. (2001), men ikkje med i DN (1999a).

*Vegetasjon:* Bergvegg og bergsprekk, hinnebregneutforming, ein vegetasjonstype som er rekna som omsynskrevande (LR) av Fremstad & Moen (2001).

*Kulturpåverknad:* Riksveg i nedkant, litt vedhogst, noko innplanta gran.

*Artsfunn:* Kaalaas (1911) nemner ei rekkje moseartar ved Sundsbø, truleg i eller inntil den avgrensa lokaliteten. Det vart i 2000 av oss funne ein raudlista planteart knytt til stabilt fuktig og vintermildt kystklima: hinnebregne (V – sårbar). Andre artar med liknande krav til oseanisk klima som vart funne både av oss i 2000 og av Kaalaas (1911) i 1892 er mose-artane gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, dronningmose *Hookeria lucens*, kystsotmose *Andreaea alpina*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, heimose *Anastrepta orcadensis*, fjordtvebladmose *Scapania nemorosa*, vengemose *Douinia ovata*, kystband *Metzgeria conjugata* og prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides*. I 2000 fann vi og skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*. Elles fann vi følgjande planter: gulsildre, loppestorr, kystmaigull, gulstorr, bergfrue, fjelltistel og raggtelg. Lungeneversamfunnet på tre og dels på berg omfatta m.a. lungenever, skrubbenever, stiftfjelllav, grynfilflav, kystfjelllav, vanleg blåfjelllav, sølvnever (på berg) og kystnever (på berg). Kaalaas (1911) nemner ei rekkje andre moseartar frå turen i 1892: storstylte *Bazzania trilobata* (suboseanisk), fjørsaftmose *Riccardia multifida* (suboseanisk), kysttvebladmose *Scapania gracilis* (oseanisk), grokornflik *Lophozia ventricosa* var. *longiflora*, tråddraugmose *Anastrophyllum minutum*, bergskortemose *Cynodontium polycarpum*, såtesigd *Dicranum elongatum*, bergsigd *Dicranum fuscescens*, saglommemose *Fissidens adianthoides*, putevrimose *Tortella tortuosa*, saltblomstermose *Schistidium maritimum*, kystkoppmose *Entosthodon obtusus*, bleikkrylmose *Plagiobryum zierii*, kopparvrangmose *Bryum alpinum* (breitt suboseanisk, alm), glanssåtemose *Campylopus schwarzii* (rel. oseanisk, til Fræna), nøttemose *Diphyscium foliosum*, kystkoppmose *Enchostodon obtusus* (oseanisk, sj.), trådfloke *Heterocladium heteropterum* (suboseanisk alm.), skimmermose *Pseudotaxiphyllum elegans* (suboseanisk, spreidd), musehalemose *Isoetecium myosuroides* (breitt suboseanisk, alm.), kysturnemose *Rhabdoweisia crispata* (suboseanisk, spreidd) og bekkegråmose *Racomitrium aquaticum* (suboseanisk, spreidd). Malme (1974) har ved Sundsø (LQ 93 59 ED50) funne stridplanmose *Distichum inlinatum* ved berg med kalkrikt sigevatn og elles pæremose *Leptobryum pyriforme*. Det er usikkert om dette er innanfor den avgrensa området. Asbjørn Hagen og Per Størmer fann i 1934 murburkne ved Sundsbø, dette kan og ha vore innafør den avgrensa lokaliteten. *Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av godt utvikla nordvendte kystberg med rike førekomstar av oseaniske og suboseaniske mosar, hinnebregne, kystmaigull, raggtelg og andre planter.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep som vesentleg endrar fukttilhøva og berører veksestadene for dei kravfulle artane. Det beste er om ein ikkje hogg ved inntil berget.

## 28 Otrøya: Sundsbø: SØ for Nakken (edellauvskog)

**Lokalitetsnummer:** 1545-28  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 936-940 580-581  
**Høgde over havet:** ca. 60-ca. 200 m  
**Hovudnaturtype:** Skog, rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte, fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 30.05.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom Solholmen og Sundsbø, på nordsida av Rognkallelva, i den sørvendte fjellsida under fjellet Nakken. Dette er ei skogli med innslag av edellauvskog som vert broten opp av opnare parti med steinur, låge hasselkratt og berg.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, kusymre-almeskog. Treslag: litt alm (opp til 30 cm i stammediameter, utan hjortegnag), dunbjørk, ein del hassel, elles hegg, gråor, osp, rogn og selje.

*Kulturpåverknad:* Liten. Riksveg i nedkant.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast: breiflangre, brunrot, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, krossved, kvitsymre, lundrapp, myske, ramslauk, rosenrot, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, svarterteknapp, våskrinneblom. Av lav vart det funne m.a. lungenever, skrubbenever og vanleg blåfjelllav. Av fugl vart det observert i hekketida: jarnsporv, lauvmeis, lauvsongar, spettmeis, bokfink, gransongar, måltrast, blåmeis, svarttrast. Dessutan vart det funne hakkemerke etter hakkespett, art uviss.  
**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla edellauvskog av typen rike kysthasselkratt.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

## 29 Otrøya: N for Nautneset (nordvendte berg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-29
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 943 577
<b>Høgde over havet:</b>	50-ca. 250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Nordvendte kystberg
<b>Prioritet:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Flatehogst, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.10.2003 Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, John Bjarne Jordal, det. Kristian Hassel

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg mellom Solholmen og Sundsbø, og er nordaustvendte berg og fuktig lauvskog i bukta nord for Nautneset.

**Vegetasjon:** Fuktig blåbær-småbregneskog dominert av bjørk, med ein del berghamrar med bergknaus/bergflatevegetasjon og litt rasmark. Viktigast er det fuktige miljøet som gjev grunnlag for einskilde noko kravfulle moseartar.

**Kulturpåverknad:** Riksveg i nedkant, truleg noko hogst tidlegare.

**Artsfunn:** Av planter kan nemnast jordnøtt, småtviblad, trollurt, dvergjamne, fjellmarikåpe, gulsildre, heistorr, krattlodnegras, skogkarse, smørtelg, storfrytle og svarttopp. Mosar (bestemt av dr. scient. og moseekspert Kristian Hassel): *Anastrophyllum minutum* tråddraugmose, *Aneura pinguis* feittmose, *Antitrichia curtispindula* ryemose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Blindia acuta* rødmesigmose, *Bryum pseudotriquetrum* bekkevrangmose, *Calypogeia integristipula* skogflak, *Calypogeia muelleriana* sumpflak, *Cephalozia bicuspidata ssp. lammersiana* broddglefsemose, *Chiloscyphus coadunatus* totannblonde, *Ctenidium molluscum* kammose, *Cynodontium strumiferum* halsbyllskortemose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Douinia ovata* vengemose, *Frullania dilatata* hjelmbleremose, *Frullania tamarisci* matteblæremose, *Herzogiella striatella* stridfauskemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Hylocomiastrum umbratum* skuggehusmose, *Isoetecium myosuroides* musehalemose, *Jungermannia obovata* sprikesleivmose, *Kiaeria falcata* sigdfrostmose, *Lepidozia reptans* skogkrekemose, *Lophozia ventricosa* grokornflik, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Plagiochila asplenoides* prakthinnemose, *Plagiomnium ellipticum* sumpfagermose, *Plagiomnium undulatum* krusfagermose, *Plagiothecium undulatum* kystjamnemose, *Racomitrium aciculare* buttgråmose, *Racomitrium aquaticum* bekkegråmose, *Radula complanata* krinsflatmose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose, *Scapania nemorea* fjordtvibladmose, *Scapania umbrosa* sagtivibladmose, *Scapania undulata* bekketvebladmose, *Sphagnum squarrosum* spriketormose, *Tetraphis pellucida* firtannmose, *Thuidium tamariscinum* stortujamose og *Ulota crispa* krusgullhette. Fleire av desse er suboseaniske og noko kravfulle. Av lav vart det m.a. funne lungenever, kystgrønnever og lodnevreng.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med nordvendte berg som har nokre litt kravfulle oseaniske moseartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det beste er om ein ikkje hogg ved inntil berget.

## 30 Otrøya: under Rognkallheia SV for Nautneset (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-30
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes

**UTM (EUREF 89):** LQ 939-943, 568-572  
**Høgde over havet:** 50-ca. 250 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Rik edellauvskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Treslagskifte, fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 29.05.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg mellom Solholmen og Sundsbø, sørvest for Nautneset og på sørsida av Rognkallheia. Dette er ei søraustvendt skogli med innslag av edellauvskog. Skogen vert broten opp av opnare parti med steinur, låge hasselkratt og berg.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, kusymre-almeskog. Treslag: litt alm, dunbjørk, ein del hassel, elles hegg, osp, rogn og selje.

*Kulturpåverknad:* Riksveg i nedkant, truleg noko hogst tidlegare.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast: bergfrue, breiflangre, brunrot, fagerperikum, fingerstorr, gulsildre, hengjeaks, jordnøtt, kranskonvall, krattlodnegras, krossved, kusymre, kvitsoleie, kystgrisøyre, liljekonvall, lundrapp, mjølbær, myske, raud jonsokblom, revebjelle, rosenrot, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, svartburkne, turt, vivendel og vårerteknapp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels velutvikla edellauvskog av typen rike kysthasselkratt.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

### **31 Otrøya: under Rognkallheia (olivin)**

**Lokalitetsnummer:** 1545-31  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 938 568  
**Høgde over havet:** 160-220 m  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt  
**Naturtype:** Ultrabasisk og tungmetallrik mark i lavlandet  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep  
**Undersøkt/kjelder:** 29.05.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten grensar til føregåande lokalitet (30) og ligg mellom Solholmen og Sundsbø, sørvest for Nautneset og på sørsida av Rognkallheia, ved møtet av to bekker. Olivinhaldig berg dominerer her over eit mindre område i bekkekløfta, og er dels ope med ein del lyskrevande planteartar.

*Vegetasjon:* Ultrabasisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisk utforming (F6a). Omgjeve av litt furu, bjørkeskog og rike kysthasselkratt.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast: blankburkne, blåklokke, blåknapp, enghumleblom, engsmelle, fingerstorr, grønburkne, gulsildre, hengjeaks, kranskonvall, lusegras, raud jonsokblom, skogfiol, storblåfjør, tågebær, vanleg arve og vårerteknapp.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik olivinlokalitet.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

### **32 Otrøya: N for Heggneset (nordvendte kystberg)**

**Lokalitetsnummer:** 1545-32  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 943 552  
**Høgde over havet:** 30-50 m  
**Hovudnaturtype:** Rasmark, berg og kantkratt, skog  
**Naturtype:** Andre viktige førekomstar (nordvendte kystberg), gammal barskog  
**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Flatehogst  
**Undersøkt/kjelder:** 15.10.2003 Kristian Hassel, Karl Johan Grimstad, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg like ovanfor vegen sør for Solholmen, like nord for Heggneset, og er ei nordaustvendt li med furublandskog og ein del berghamrar, større, mosegrodde steinblokker og småkløfter. Lokaliteten er først og fremst eit habitat for fuktkevande mosar, og rotevedmosar på daud ved av furu og bjørk.  
*Vegetasjon:* Oseanisk furuskog. Lokaliteten ser ut som ein furuskog, men er avgrensa på grunnlag av mosefloraen som er svært fuktkevande og typisk for stabilt fuktige, nordvendte berg på kysten (Gaarder et al. 2001).

*Kulturpåverknad:* I dette skogområdet har det vore dreve hogst frå tid til annan. I dag finst nokre læger av furu og bjørk.

*Artsfunn:* Hausten 2003 vart det registrert følgjande mosar (bestemt av dr. scient. og moseekspert Kristian Hassel): *Anastrepta orcadensis* heimose (suboseanisk), *Anastrophyllum hellerianum* pusledraugmose (rotevedart), *Anastrophyllum minutum* tråddraugmose, *Calypogeia suecica* roteflak (raudlista rotevedart, DM – bør overvakast), *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Hookeria lucens* dronningmose (suboseanisk), *Isothecium myosuroides* musehalemose, *Lepidozia reptans* skogkrekemose, *Lophozia incisa* lurvflik, *Lophozia ventricosa* grokornflik, *Mnium hornum* kysttornemose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Nowellia curvifolia* larvemose, *Plagiomnium undulatum* krusfagermose, *Plagiothecium undulatum* kystjammemose, *Rhytidiadelphus loreus* kystkransmose, *Thuidium tamariscinum* stortujamose. Fleire av desse er oseaniske eller knytt til roteved.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein lokalitet med nokre oseaniske moseartar og ein raudlista rotevedmose.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå flatehogt, fordi dette vil forårsaka eit tørrare miljø for dei fuktkevande moseartane. Læger og daud ved har til no skapt miljø for einskilde noko kravfulle rotevedmosar.

## 33 Otrøya: Nord-Heggdal: Reitaåsen (gammal barskog)

**Lokalitetsnummer:** 1545-33  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 921-939, 547-560  
**Høgde over havet:** 200-320 m  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gammal barskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Skogsdrift, treslagskifte  
**Undersøkt/kjelder:** 10.11.2004, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Ved Sør-Heggdal finst eit større område med furuskog frå Reitaåsen forbi Storåsen mot Myrsethornet. Området har for det meste gammal furuskog og ein god del daud ved, både gadd, læger og høgstubbar, stadvis i bra mengder. Ståande furu opp til ca. 80-90 cm stammediameter vart observert. Lokaliteten har og viltfunksjon. Avgrensinga er nokså omtrentleg.

*Vegetasjon:* Røsslyngfuruskog dominerer, med noko blåbærskog. Furu er dominerande treslag med innslag av bjørk og rogn.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten i dag. Ein skogsveg går i nedkant ved Reitaåsen, og det er hogge inntil lokaliteten. Det var tidlegare ei seter i området mellom Reitaåsen og Storhaugen (Gammelsetra, Julnes 2001).

*Artsfunn:* Av planter vart det ikkje funne særleg interessante artar bortsett frå ein generell flora av oseaniske artar som t.d. heistorr. Finn Oldervik har bestemt nokre barksoppar som vart innsamla på læger og nedramla gaddgreiner. Av desse er det særleg verd å nemna *Hyphoderma capitatum* (sjeldan og kandidat til raudlista), truleg *Athelopsis lacerata* (V – sårbar, men ikkje sikkert bestemt), *Ceipomyces (Thanatephorus) terrigenus* (svært sjeldan, 3 funn i Noreg frå før), *Tomentellopsis echinospora* (uvanleg art). I tillegg vart det funne rotevedmosar som fingersaftmose. Lokaliteten er viktig for storfugl, dessutan vart det observert korsnebb, toppmeis og fuglekonge. I 1983 fann G. Gaarder reir av gråspett (DC-omsynskrevande) ved Storhaugen.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit furuskogsområde med ein del daud ved og nokre kvalitetar som gammal skog. Mengda av daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad er kritisk for mange artar i skogen. Fleire slike er påvist, og sjansen for å finna enda fleire vert vurdert som stor. Betre undersøkingar kan gje grunnlag for å setta verdien høgare. Dersom ein inkluderer viltverdi og vektar den totale verdien innanfor tema Biologisk mangfald, vil dette truleg bli A-svært viktig.



### Skjøtsel og omsyn

Det beste for naturverdiane er at skogen vert ståande mest muleg urørt.

## 34 Otrøya: Nord-Heggdal: vest for kapellet (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-34 (Naturbasen 154513506)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 922-925 539-540
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 100-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, kantkratt, berg og rasmark
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog (hasselkratt), sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.07.1988, JBJ & OAB (Bugge 1993), 08.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Hasselkratt i sørvendt li vestover frå kapellet i Nord-Heggdal. Skog med hassel, alm, svartor, rogn, furu og einer. Lenger oppe i lia var det meir steinet og berglendt med innslag av osp. Ifølgje Bugge (1993) skal det også vera ein førekomst av barlind i området, men posisjon er uviss.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, berg og rasmark.

*Kulturpåverknad:* Relativt liten i dag, tidlegare hogst og beiting.

*Artsfunn:* Det vart funne alm, breiflangre, brunrot, fagerperikum, fingerstorr, grov nattfiol, hengjeaks, hengjebjørk, hundekveke, jordnøtt, kransmynte, kratthumleblom, krattlodnegras, kusymre, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, olavsskjegg, ramslauk, revebjelle, sanikel, skogbjønnebær, skogfredlaus, skogsalat, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, svartor, svarterteknapp, svartknoppurt, vivindel. Det vart funne 3 stammar av barlind (Bugge 1993), stadfestinga er noko uklår. Det var 3 stammar med diameter 25-35 cm. I berg og bergerot vart det funne svartknoppurt, fagerperikum, loppestorr, heiblåfjør, heistorr, geitsvingel og smalkjempe. Av sopp vart det funne silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R-sjeldan), ruterørsopp *Boletus pascuus*, karminslørsopp *Cortinarius anthracinus* (R-sjeldan), stripebrødkorg *Cyathus striatus*, svartblå rødskevessopp *Entoloma chalybaeum*, lutrødskevessopp *Entoloma nidorosum*, silketrevlesopp *Inocybe geophylla*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R-sjeldan), rotgråhatt *Lyophyllum rancidum*, sølvhette *Mycena polygramma*, falsk brunskrubbe *Porphyrellus porphyrosporus* (DC-omsynskrevande), grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC-omsynskrevande), gullkremle *Russula aurea* (DC-omsynskrevande), marsipankremle *Russula grata* (R-sjeldan), smørkremle *Russula lutea*, silkemusserong *Tricholoma columbetta*, svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*. Av lav vart det notert vanleg blåfyllav, glattvrenge, lungenever og stiffyllav.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) med eit godt artsutval av planter, raudlista soppartar knytt til hassel, og førekomst av barlind nær nordgrensa.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til hasselskogen. Avgrensinga er noko usikker, m.a. fordi barlind ikkje vart attfunnen i 2003 og ikkje har fått eksakt posisjon.

## 35 Otrøya: Hagset (slåtteeing)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-35
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 920 536
<b>Høgde over havet:</b>	60 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeinger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av slått og beiting, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.2003, 08.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei slåtteeing med mykje prestekrage like nedanfor vegen ved Hagbø (fråflytta bruk).

*Vegetasjon:* G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type.

*Kulturpåverknad:* Slått årleg. Truleg lite gjødsling.

*Artsfunn:* Mest påfallande var store bestandar av prestekrage, truleg ei av dei finaste blomsterengene i kommunen. Elles vart det funne: blåknapp, blåkoll, englodnegras, geitsvingel, grov nattfiol, gulaks, jonsokkoll, jordnøtt, kvitbladtistel, kystgrisøyre, lækjeveronika, nyresoleie, smalkjempe, svartknoppurt, tiriltunge. Ved haustbesøket vart det funne 8 vokssoppantar, m.a. raudlistearten limvokssopp *Hygrocybe glutinipes* (V=sårbar). *Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik, men lita slåtteeing med den truga vegetasjonstypen jordnøtteng og einskilte artar av beitemarkssopp. Sidan limvokssopp er i ein høgare raudlistekategori kunne verdien vore høgare, men denne arten fortener truleg ikkje å vera plassert i denne høge kategorien. Mengda av prestekrage er uvanleg.

### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## 36 Otrøya: Hagset naturreservat (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-36 (Naturbasen 154513507)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 904-913, 533-537
<b>Høgde over havet:</b>	35-400 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, rikare sumpskog
<b>Prioritet:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende (naturreservat)
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.08.1974 (Korsmo 1976), 06.07.1988 JBJ & OAB (Bugge 1993), Lindmo m. fl. (1991), 14.04.2002, DH & KJG, Gaarder (2004)

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten består av sørvende, skogkledde rasmarker med gunstig lokalklima. Det er frodig vegetasjon med edellauvskogsinnslag, variert med svartor, hasselkratt og barlind. Skogen har tydeleg kystpreg, av kusymre-almeskogtype med mykje hassel. Svartor og det store innslaget av barlind på nordgrensa av si utbreiing, gjer dette området sers verdfullt. Området er verna som edellauvskogsreservat (27.06.2003) som strekkjer seg ned til fylkesvegen. Området undersøkt av Korsmo var LQ 906 536 – 911 532 (EUREF89).

*Vegetasjon:* Sumpskog med svartor har tyngdepunkt langs bekkedalen sentralt i lokaliteten. Elles edellauvskog av typen rike kysthasselkratt, innslag av alm. Elles førekjem fattigare parti med bjørk og innslag av gråor, selje, hengebjørk, rogn, osp og furu. Gaarder (2004) har følgjande supplement: ”Av vegetasjonstyper er det grunn til å framheve at enkelte partier av den svartor-dominerte skogen i nedre deler har tydelig karakter av å være varmekjær kildelauvskog, en sterkt truet skogtype. På østsiden av bekken opptrådte også enkelte barlindtrær i denne skogtypen, et fenomen som ikke er kjent fra andre steder i fylket, men som forekommer bl.a. på flere barlindlokaliteter på sørlige deler av Vestlandet.”

*Kulturpåverknad:* Vest for reservatforslaget er det ein skogsveg og granplantefelt, dessutan fylkesveg og privat grustak i nedkant. Reservatgrensa vart justert i sørvest i høyringsrunden for å gje plass til utviding av grustaket (Fylkesmannen i MR 1996). Før ca. 1970 sterk beiting, i 1974 mindre beiting og attgroing med einer, krattskog og usamanhengande treskikt i nedre del av lokaliteten (Korsmo 1976). Gaarder (2004) nemner m.a.: ”området var ifølge grunneier Aslaug Hjelen (pers. medd.) tidligere benyttet som beitemark. Sau og kyr brukte å gå her hele sommeren, i tidligere tider antagelig også geit. I tillegg har de tatt ut ved og tømmer fra lia. Tidligere brukte de også å plukke mye nøtter for salg i området, en aktivitet som opphørte rundt 1960. Av nyere bruk så har de ei vasskilde i øvre, østre del av reservatet, samt at en hytteeier på nedsiden av veggen tar ut vann nær bekkedalen. For øvrig har de et lite grustak som ligger rett i sørvestre kant av reservatet.”

*Artsfunn:* Barlind står spreidd i klynger fleire stader, mest i hasselkratta. Korsmo noterte 16 eksemplar ved LQ 907 536 (EUREF89) opp mot 260 moh. Og 7 ved LQ 909 533 (EUREF89) 0-70 moh, dei største var nedanfor veggen, opp mot 6 m høge. Barlindane var opp til 6 m høge, og begge kjønn finst. Produksjon av modne frø skjer i gode somrar, dette er truleg den nordlegaste lokaliteten der dette skjer. Dag Holtan og Karl Johan Grimstad noterte barlind til saman 6 stader, alle aust for bekkedalen og innanfor reservatforslaget. Noterte planteartar: svartor, alm, hassel, ramslauk, lundgrønaks, kusymre, sanikel, skogfredlaus, heistorr, myske, vårkål, fingerstorr, jordnøtt, vivendel, lundrapp, hengjeaks, hundekveke, grov nattfiol, svarterteknapp, krattlodnegras, svartknoppurt, brunrot, krossved, fagerperikum. I tillegg er det funne hekkande kvitryggspett (V=sårbar) i lokaliteten i 2002 (Dag Holtan). Gaarder (2004) har følgjande tillegg: ”I øvre deler var innslaget av lav høyere, særlig på bergvegger, og inkluderte også sparsomt med bl.a. sølvnever *Lobaria amplissima* og kystnever *L. virens*. Lokalt var det også en god del av skorpelaven *Pyrenula laevigata* på hasselstammer, særlig i østre deler.”

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, variert edellauvskogsområde med alm, hassel, svartor og gode førekomstar av barlind av begge kjønn, og med kjønna forynging, og eit artsrikt feltskikt. Dessutan har lokaliteten funksjon for raudlista viltartar.

#### Skjøtsel og omsyn

Lokaliteten er verna som naturreservat. Det er ønskjeleg på sikt å fjerna innplanta gran også utanfor reservatet. Det vert no laga ein skjøtelsesplan for området som har med ein del fleire moment (Gaarder 2004).

### 37 Otrøya: Opstad-Orset (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-37 (Naturbasen delvis 154513508)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 884-901, 529-534
<b>Høgde over havet:</b>	180-350 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, bjørkeskog med høgstauder
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.07.1988, 08.09.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lauvskog med alm og hasselkratt i sørvendt li opp frå Opstad (undersøkt 2003) og vestover til Orset (undersøkt 1988).

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, gråor-almeskog, storbregnebjørkeskog og høgstaudebjørkeskog. Blant treslaga kan nemnast alm, ein einsleg barlind (LQ 8996 5332), gråor, hassel, osp (dels grov med fleire spettehol), selje og rogn.

*Kulturpåverknad:* Ein skogsveg går opp i mot området, vedhogst i nedkant, truleg beiting tidlegare.

*Artsfunn:* Det vart ovanfor Opstad funne alm, barlind, fagerperikum, heistorr, hengjeaks, hestespreng, hundekveke, knegras, krattlodnegras, kusymre, lundrapp, myske, revebjelle, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, småsmelle, stankstorkenebb, storfrytle, svartburkne, taggbregne. I vestenden av lokalitete ovanfor Orset vart det i 1988 funne ramslauk, svartor, lundgrønaks, heistorr, svartknoppurt, stortviblad, vivendel, skogfredlaus, kusymre og sanikel. Av sopp vart det funne silkesnyltehatt *Asterophora parasitica*, svart gelébeger *Bulgaria inquinans*, pepperrørsopp *Chalciporus piperatus*, *Entoloma caesiocinctum* (DC-omsynskrevande), lutrøtdskivesopp *Entoloma nidorosum*, mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, silketrevlesopp *Inocybe geophylla*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, rosaskrubb *Leccinum percandidum*, hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (DC-omsynskrevande), prydhette *Mycena renati* (R-sjeldan). Av lav vart det notert mykje sølvnever på ei selje (LQ 8991 5332), vidare stadvis bra med lungenever til 4 m opp i trea.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik lokalitet med hasselkratt og bjørkeskog med høgstauder.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til edellauvskogen.

### 38 Otrøya: Vikanakken (barlind)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-38 (Naturbasen 154513520)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 878 531
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Andre viktige førekomstar
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjente
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Korsmo (1976), Lindmo m. fl. (1991)

#### Områdeskildring

*Generelt:* Barlindforekomst nær skoggrensenivået i lia under Vikanakken. Barlinda veks i ei jamn, SSV-vendt li nokså nær skoggrensenivå. Skogen er dominert av bjørk med innslag av furu. Feltskiktet inneheld berre lite kravfulle artar, m.a. mykje bjønnekam. LQ 879 533 (ED50)=LQ 878 531 (EUREF89). Avgrensinga er svært omtrentleg og følgjer Naturbasen og oppgjeven UTM-posisjon.

*Vegetasjon:* Skogen er av ein relativt fattig, oseanisk type med bjørk som dominerande treslag og med mykje bjørnkam i feltsjiktet. Elles er det ein del smyle, blåbær og røsslyng.

*Kulturpåverknad:* Liten.

*Artsfunn:* To hannplantar er registrerte, ca 3 m høge, med ca. 40 m mellom. Den vestlegaste står ca. 6 m aust for ein bekk.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein liten barlindførekomst nær den norske nordgrensa for arten.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør la barlindane stå urørte.

### **39 Otrøya: Sør-Heggdal (slåtteeing)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-39
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 868 525
<b>Høgde over havet:</b>	30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeinger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av slått og beiting, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.06.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei lita slåtteeing med nokre solblomplanter like ovanfor vegen ved Sør-Heggdal (like aust for huset til Ingrid Orset).

*Vegetasjon:* G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type.

*Kulturpåverknad:* Slått til nyleg. Truleg lite gjødsla.

*Artsfunn:* Viktigast av plantene var ein bestand av solblom med 21 blomsterstenglar. Elles vart det funne: aurikkelsvæve, bleikstorr, blåknapp, blåtopp, bråtestorr, engfiol, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, grov nattfiol, gulaks, harerug, jordnøtt, kornstorr, krattlodnegras, lækjeveronika, smalkjempe, smyle, svartknoppurt, tepperot, tiriltunge.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik, men lita slåtteeing med ein liten bestand av raudlistearten solblom og den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

### **40 Otrøya: Sør-Heggdal: mot Vikanakken (kystfurskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-40
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 861-874, 530-562
<b>Høgde over havet:</b>	160-340 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog, kystfurskog, rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.11.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Ved Nord-Heggdal finst fleire større område med furskog. På begge sider av Heggdalselva opp mot Sømmehytta og Vikanakken er det avgrensa eit område med gammal furskog og noko naud ved. Av naud ved finst både gadd, læger og høgstubbar. Ståande furu opp til ca. 70-80 cm stammediameter vart observert. I deler av området er det snakk om nokså kortvaksen furukrugg. Lokaliteten har og viltfunksjon. Avgrensinga er nokså omtrentleg.

*Vegetasjon:* Røsslyngfurskog dominerer, med noko blåbærskog. På solsida vest for Sømmehytta er det i dei lågaste partia ein del hasselskog med tilhøyrande varmekjære planter som krev god bonitet, og noko eldre osp. Furu er over store område det dominerande treslaget med innslag av bjørk, osp og rogn.

**Kulturpåverknad:** Relativt liten i dag. Det var tidlegare fleire setre i området: Heggdalssetra (Sømmehytta), gamle og nye Vikasetra og Skotgardsetra (Julnes 2001). Setersti, tidlegare hogst og beiting.

**Artsfunn:** Av planter vart det ikkje funne særleg interessante artar bortsett frå ein generell flora av oseaniske artar som t.d. heistorr. I hasselskogen sørvest for Sømmehytta vart det notert typiske hasselskogsartar som kusymre, jordnøtt, myske og krattlodnegras. Det vart funne rotevedmosar på daud furu som larvemose og fingersaftmose. På grunn av tidsmangel er området dårleg undersøkt. Det er truleg potensiale for kravfulle gammelskogsartar av m.a. borksopp.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit furuskogsområde med ein del daud ved og nokre kvalitetar som gammal skog. I tillegg er det litt hasselskog av lokal verdi. Mengda av daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad er kritisk for mange artar i skogen. Sjansen for å finna slike artar ved betre undersøkingar vert vurdert som stor.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det beste for naturverdiane er at skogen vert ståande mest muleg urørt.

## **41 Otrøya: Sør-Heggdal: Lappedalen (kystfuruskog)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-41
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 842-847, 531-535
<b>Høgd over havet:</b>	180-300 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Gammal barskog, kystfuruskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Skogsdrift, treslagskifte
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Odd Jarle Opstad, Palmar Orvik munnleg, 10.11.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Ved Nord-Heggdal finst fleire større område med furuskog. Øvst i Lappedalen er det avgrensa eit noko todelt område med gammal furuskog og noko daud ved (nordlege delen) og førekomst av barlind (sørlege delen). Av daud ved finst både gadd, læger og høgstubar, stadvis i bra mengder. Ståande furu opp til ca. 80 cm stammediameter vart observert. Lokaliteten har og viltfunksjon.

**Vegetasjon:** Røsslyngfuruskog dominerer, med noko blåbærskog. Furu er dominerande treslag med innslag av bjørk og rogn.

**Kulturpåverknad:** Relativt liten i dag. Ein skogsveg går i nedkant av nordlege delen og det er ei hogstflate inntil lokaliteten.

**Artsfunn:** Av planter vart det ikkje funne særleg interessante artar bortsett frå ein generell flora av oseaniske artar som t.d. heistorr. I sørlege delen av området, i lia ovafor Lappedalselva, finst det også ifølgje Odd Jarle Opstad og Palmar Orvik rundt 30 barlindar i mange storleika. Finn Oldervik har bestemt nokre barksoppar som vart innsamla på læger og nedramla gaddgreiner i nordlege delen (mot Hestøyra). Av desse er det særleg verdt å nemna *Hyphoderma capitatum* (sjeldan og kandidat til raudlista), *Phlebia cretacea* (DC - omsynskrevande) og *Tubulicrinis angustus* (nokså sjeldan). Det vart funne ulike moseartar på roteved av furu: skogflak, sumpflak, grokornflik, firtannmose og fingersaftmose. I tillegg vart det funne vengemose *Douinia ovata* på bergvegg og lungenever m.m. på rogn.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit furuskogsområde med ein del daud ved og nokre kvalitetar som gammal skog, i tillegg til barlind som her er nær grensa for utbreiinga si. Mengda av daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad er kritisk for mange artar i skogen. Fleire slike er påvist, og sjansen for å finna enda fleire vert vurdert som stor.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det beste for naturverdiane er at skogen vert ståande mest muleg urørt.

## **42 Otrøya: Store Klauset, austre del (slåtteeing)**

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-42
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 845 517
<b>Høgd over havet:</b>	40 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeinger
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)

**Mulege truslar:** Opphøyr av slått og beiting, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 24.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei lita slåtteeing med nokre solblomplanter mellom fjøset og veggen ved Store Klauset (austre bruket).

*Vegetasjon:* G4b, frisk fattigeng av jordnøtt-type.

*Kulturpåverknad:* Slått, beita av storfe. Truleg lite gjødsla.

*Artsfunn:* Viktigast av plantene var ein bestand av solblom med 7 blomsterstenglar. Elles vart det funne: blåknapp, blåkoll, bråtestorr, englodnegras, finnskjegg, fjellmarikåpe, geitsvingel, gjeldkarve, grov nattfiol, gulaks, harerug, heiblåfjør, heistorr, hårfrytle, jordnøtt, kusymre, kystgrisøyre, prestekrage, smalkjempe, storblåfjør, stortviblad, svartknoppurt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik, men lita slåtteeing med ein liten bestand av raudlisteararten solblom og den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

### 43 Otrøya: Lille Klauset, austre del (slåtteeing)

**Lokalitetsnummer:** 1545-43  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 834 511  
**Høgde over havet:** 40-50 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Slåtteeinger  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av slått og beiting, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 24.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei slåtteeing med nokre solblomplanter på øversida av veggen ved Lille Klauset, aust for bekken.

*Vegetasjon:* Delvis G4 frisk fattigeng, med overgangar mot hasselskog i øverkant.

*Kulturpåverknad:* Slått, beita av storfe. Truleg lite gjødsla i kantane mot skogen.

*Artsfunn:* Viktigast av plantene var ein bestand av solblom med 4-5 blomsterstenglar. Elles vart det funne: blåknapp, blåkoll, bråtestorr, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, grov nattfiol, hanekam, heiblåfjør, heistorr, jordnøtt, kornstorr, krattlodnegras, kystgrisøyre, smalkjempe, soleihov, svartknoppurt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik lita slåtteeing med ein liten bestand av raudlisteararten solblom og den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er viktig at lokaliteten vert slått eller beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

### 44 Otrøya: Lille Klauset, vestre del (naturbeitemark)

**Lokalitetsnummer:** 1545-44  
**Kartblad:** 1220 II Vestnes  
**UTM (EUREF 89):** LQ 833 511  
**Høgde over havet:** 40-60 m  
**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap  
**Naturtype:** Naturbeitemark, fuktenger  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Opphøyr av beiting, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 24.06.2003, 10.09.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er ei beitemark med solblom på øversida av veggen ved Lille Klauset.

*Vegetasjon:* Delvis G4 frisk fattigeng, med overgangar mot fuktenger og hasselskog med furu i øverkant.

**Kulturpåverknad:** Beita av storfe. Truleg lite gjødsla.

**Artsfunn:** Viktigast av plantene var ein god bestand av solblom med ca. 66 opptelte blomsterstenglar. Dette er ein av dei viktigaste bestandane i kommunen, som og vert skjøtta med beiting. Lokalnamm på solblomen er tobakksplante (kjelde: Hermod Klauset). Elles vart det funne: blåknapp, blåtopp, bråtestorr, englodnegras, finnskjegg, fjellmarikåpe, geitsvingel, grov nattfiol, heiblåfjør, heisiv, heistorr, hårfrytle, hårsvæve, jonsokkoll, jordnøtt, kornstorr, krattlodnegras, kusymre, kystgrisøyre, lækjeveronika, nyresoleie, ryllsiv, smalkjempe, stortviblad og svartknoppurt. Om hausten vart det funne 4 vanlege vokssoppantar. Elles vart det også funne stor soppklubbe *Cordyceps capitata* på vorteløpekule *Elaphomyces granulatus* i open skog like ovanfor.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik beitemark med ein den viktigaste bestanden av raudlistearten solblom i kommunen og dessutan intakt utforming av den truga vegetasjonstypen jordnøtteng.

### Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig at lokaliteten vert beita også i framtida. Ein bør ikkje gjødsla eller utføra vesentlege fysiske inngrep.

## 45 Otrøya: Klauset (hasselkratt m.m.)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-45 (Naturbasen delvis 154513508)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 825-852, 509-522
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 80-250 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauskog (hasselkratt) , bjørkeskog med høgstauder, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.1971, JK, 24.06.2003, 08.09.2003, 10.09.2003, JBJ

### Områdeskildring

**Generelt:** Dette er ei stor, sørvendt lauvskogsli under Klausethornet. Lokaliteten strekkjer seg frå Trollhesten i vest mot Sør-Heggdal i aust, dvs. både vest og aust for Klauset. Lokaliteten er undersøkt ved LQ 827-828, 509-510 vest for Klauset, ved LQ 832-840, 511-514 ovafor Lille Klauset, og ved LQ 844 517 aust for Store Klauset. **Vegetasjon:** Rike kysthasselkratt dominerer stadvis, elles bjørkeskog, dels med høgstauder, litt sørvendt berg og rasmark. Ein del dunbjørk, rogn, gråor, osp, hegg og selje, litt alm og ask. Mykje storfrytle i botnen, men og gras- og lågurttdominert vegetasjon med mykje kusymre, sanikel, krattlodnegras m.m.

**Kulturpåverknad:** Nokre små granplantefelt i nedre del. Litt beita, elles ikkje mykje kulturpåverka i dag. Truleg ein del beiting og vedhogst i tidlegare tider. Platanlønn spreier seg i lia, dette er ein innført art.

**Artsfunn: Vest for Klauset:** Det vart funne alm, bergasal, bergfrue, breiflangre, brunrot, fingerstorr, hengjeaks, hengjebjørk, hundekveke, kransmynte, krossved, kusymre, lundgrønaks, lundrapp, myske, olavsskjegg, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, svarterteknapp, svartknoppurt, vivendel. JK fann stortviblad. Av sopp vart det funne svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V-sårbar), gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, galleslørsopp *Cortinarius infractus*, *Entoloma exile* (DC-omsynskrevande), lutrødskivesopp *Entoloma nidorosum*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, silketrevlesopp *Inocybe geophylla*, rotgråhatt *Lyophyllum rancidum*, sølvhette *Mycena polygramma*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC-omsynskrevande), svovelmusserong *Tricholoma sulphureum*. **Lille Klauset:** Det vart funne blåklokke, blåkoll, breiflangre, hengjeaks, jordnøtt, krossved, kusymre, liljekonvall, loppestorr, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, mjølbær, myske, ramslauk, rosenrot, sanikel, skogsvinerot, stankstorkenebb, stortviblad, svarterteknapp, svartknoppurt, vivendel. Av sopp kan nemnast svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (V-sårbar), galleslørsopp *Cortinarius infractus*, lundslørsopp *Cortinarius largus*, gulnande slørsopp *Cortinarius rubicundulus*, liten vokssopp *Hygrocybe insipida*, hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R-sjeldan), rotgråhatt *Lyophyllum rancidum*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC-omsynskrevande), gullkremle *Russula aurea* (DC-omsynskrevande). Av fugl i hekketida vart det notert gråsisik, spettmeis, grønfink, gransongar. **Store Klauset:** Det vart funne berggrøyrkvein, breiflangre, fagerperikum, krossved, kusymre, lundgrønaks, vivendel. Av sopp vart det funne lutrødskivesopp *Entoloma nidorosum*, lodden begermorkel *Helvella macropus*, kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, rotgråhatt *Lyophyllum rancidum*, gråsvart kremle *Russula albonigra*, marsipankremle *Russula grata* (R-sjeldan). Det vart funne lungenever på hassel. Av fugl vart det notert spettmeis.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med den truga vegetasjonstypen kysthasselkratt og nokre tilknytt raudlisteartar av sopp. Mindre område av dei mest

varmekjære hasselkratta kunne truleg vore utskilt med verdi A – svært viktig. Ei oppdeling av denne lia i mindre bestand ville krevja meir arbeid enn det som er muleg i dette prosjektet.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til hasselskogen, derfor bør hassel verta eit konstant innslag i skogen også i framtida.

## 46 Otrøya: Trollvika (Bøen-Årneset) (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-46 (Naturbasen 154513519)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 813-815, 504-509
<b>Høgde over havet:</b>	40-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvende berg og rasmarker
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.07.1988 JBJ & OAB, 05.09.2002 og 10.09.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Vest- og sørvestvendt skogli like sør for kommunesenteret i Midsundet, med innslag av edellauvskog. Treslag: litt alm, ein del hassel, elles ein del mindre osp, rogn, bjørk og furu. På Årneset er terrenget opnare med lyngmark og steinur/rasmark, litt låge hasselkratt og berg.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, kusymre-almeskog med alm (opp til 30 cm i stammediameter utan hjortegnag), dunbjørk, furu, hassel, osp og rogn.

*Kulturpåverknad:* Veg i nedkant, noko hogd. I vestre del noko innplanta bartre (m.a. sitkagran).

*Artsfunn:* Mykje kusymre, lundgrønaks og sanikel, elles bergmjølke, blåklokke, blåknapp, blåkoll, blå rapp, breiflangre, enghumbleblom, fagerperikum, fingerstorr, fjellmarikåpe, heistorr, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, kranskonvall, krossved, kvitbladtistel, loppestorr, lundrapp, markjordbær, mjølbær, myske, olavsskjegg, ramslauk, revebjelle, stankstorkenebb, storfrytle, svarterteknapp, svartknoppurt, vivendel, vårmarihand. I berget vart det notert m.a. loppestorr, fagerperikum, skjørlok, rosenrot, svartburkne, gulsildre, heiblåfjør. Det er m. a. notert følgjande soppantar: silkesnyltehatt *Asterophora parasitica* (R-sjeldan), lundslørsopp *Cortinarius largus*, dei sjeldne raudskivesoppene *Entoloma lepidissimum* og *Entoloma chloropolium* (begge artane er stadfesta av raudskivesoppeskperen Machiel Noordeloos, Leiden, Nederland, begge er nye for fylket), seig høstmorkel *Helvella elastica*, lodden begermorkel *Helvella macropus*, ametystsopp *Laccaria amethystina*, hasselriske *Lactarius pyrogalus*, hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum* (R-sjeldan), slimmorkel *Leotia lubrica*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* (DC-omsynskrevande), gråsvart kremle *Russula albonigra* og marsipan kremle *Russula grata* (R-sjeldan).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla edellauvskog med flora av varmekjære planter, fleire raudlisteartar av sopp og eit par svært sjeldne raudskivesoppar, men ingen artar i høgare raudlistekategori.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte. Det er viktig å ta vare på artsutvalet knytt til hasselskogen, derfor bør hassel verta eit konstant innslag i skogen også i framtida.

## 47 Otrøya: Midsundhornet, vesthelling (edellauvskog, berg/rasmark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-47
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 812-814, 512-516
<b>Høgde over havet:</b>	60-200 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog, rasmark, berg og kantkratt
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog, sørvendt berg og rasmark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Ingen kjende
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Naturbasen, 06.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring



*Generelt:* Brattlendt og vestvend rasmark og edellauvskog med interessant flora under Midsundhornet rett ved kommunesenteret i Midsundet.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt, rasmark (dels med artsrike snørasenger) og bergvegg. I skogen mykje storfrytle og storbregner, særleg skogburkne. Treslaga er dunbjørk, hassel, hegg, platanlønn, selje og rogn.

*Kulturpåverknad:* Liten. Kraftlinje i nedkant mot vegen. Litt innvandring av platanlønn (innført art som spreier seg ukontrollert).

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast bergasal (eit par busker ved LQ 8131 5143), breiflangre, fjellmarikåpe, gulskolm, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, kranskonvall, kratthumleblom, kusymre, kvitsymre, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, nattfiol, raud jonsokblom, rosenrot, sanikel, skogsalat, skogsvinerot, stankstorkenebb, storfrytle, sumphaukeskjegg, svartburkne, svartknoppurt, vivendel. Bergasal er ein norsk ansvarsart som har få veksestader på kysten.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein middels artsrik lokalitet med rike kysthasselkratt og rasmark.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte og fysiske inngrep som t.d. masseuttak.

## 48 Tautra: aust for Vethaugen (edellauvskog)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-48 (Naturbasen del av 154501202)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9126-9133, 5047-5052
<b>Høgde over havet:</b>	ca. 10-15 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Skog
<b>Naturtype:</b>	Rik edellauvskog
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Treslagskifte, fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Sørvendt hasselskog ca. 20 x 90 meter i ein liten skrent aust for Vethaugen (sør for Brensla) på sørvestenden av Tautra.

*Vegetasjon:* Rike kysthasselkratt. Av treslag finst dunbjørk, hassel, hegg og rogn.

*Kulturpåverknad:* Liten, truleg beita.

*Artsfunn:* Det vart notert blåklokke, blåkoll, fagerperikum, gjerdevikke, hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, lundrapp, revebjelle, sanikel, skogfiol, stankstorkenebb, storfrytle, vivendel. Av sopp vart det funne hasselskrubb *Leccinum pseudoscabrum*, som står på raudlista.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein truga vegetasjonstype (rike kysthasselkratt) men med eit nokså dårleg artsutval av varmekrevande planter, men ein raudlista soppart.

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå treslagskifte.

## 49 Tautra: Stegane (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-49 (Naturbasen del av 154501202)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 919 510
<b>Høgde over havet:</b>	20-30 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.1993, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993), Aksdal (1994), 06.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Beitemarker på vestlege del av Tautra. Området har ein flora som kan tyda på innslag av kalk i jordsmonnet. Heile øya er med i ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal (Aksdal 1994).

*Vegetasjon:* Ulike typar engsamfunn (G4 m.m.), m.a. med den truga utforminga jordnøtteng (G4b) og hei (H-serien), delvis i attgroing med einer.

*Kulturpåverknad:* Einer vart i 1993 framleis rydda og brent for at han ikkje skulle ta overhand. Det har han lokalt gjort andre stader, m.a. strandområde på søraustre del av øya. Beitetrykket var godt i 1993 (sau), men for svakt i 2003.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, engfiol, enghumleblom, englodnegras, fagerperikum, geitsvingel, gulaks, heistorr, jordnøtt, knegras, smalkjempe, svartknoppurt og tiriltunge. Av sopp vart det m.a. funne 3 jordtungeartar, 9 vokssoppartar og to artar småkøllesopp. Av desse var det 3 raudlisteartar: skjeljordtunge *Geoglossum fallax*, brunsvart jordtunge *Geoglossum umbratile* og gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes*, alle omsynskrevande (DC). Artar som var funne 02.07.1934 på Tautra (dårleg stadfesting, men truleg fleire opplysningar i dagboka til J. Lid) var m.a. dvergsmyle, blankburkne, marinøkkel og lodnefaks. Desse vart ikkje funne på Tautra korkje i 1993 eller 2003. Lodnefaks synest å vera utrydda i distriktet.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med nokre interessante artar.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

## 50 Tautra: nedom berga (slåtteeing)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-50
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9232 5101
<b>Høgde over havet:</b>	20 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Slåtteeing
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av slått, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Gammal slåtteeing i attgroing, mykje svartknoppurt, på nedsida av grind i gardsveg som går nedom berga. Lokaliteten er ca. 15 x 25 meter, og ligg på grunnlendt berg.

*Vegetasjon:* Engsamfunn (G4 m.m.).

*Kulturpåverknad:* Truleg slåtteeing i langvarig bruk, men vert ikkje lenger slått og er i attgroing.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast blåknapp, blåkoll, englodnegras, engstorr, fagerperikum, finnskjegg, firkantperikum, geitsvingel, gulaks, heistorr, knegras, kornstorr, kystbergknapp, loppestorr, smalkjempe, storblåfjør, svartknoppurt, tiriltunge. Særleg påfallande var dei store mengdene med svartknoppurt.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita slåtteeing som no gror att, men med eit interessant arts mangfald.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i slått eller beiting.

## 51 Tautra: Vatilebukta (naturbeitemark, strandenger)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-51
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 931-935 511-512
<b>Høgde over havet:</b>	0-5 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.1993, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993), Aksdal (1994), 06.08.2003, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Beitemarker på austlege del av Tautra. Heile øya er med i ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal (Aksdal 1994).

*Vegetasjon:* Ulike typar engsamfunn (G4 m.m.), m.a. med den truga utforminga jordnøtteng (G4b) og hei (H-serien), delvis i attgroing med einer.

*Kulturpåverknad:* Beitetrykket var godt i 1993 (sau), men for svakt i 2003.

*Artsfunn:* Av planter kan nemnast blåklokke, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, gulaks, gåsemure, heisiv, heistorr, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras, kystmaure, smalkjempe, tiriltunge. Av beitemarkssopp vart det funne *Entoloma chalybaeum*, *Entoloma longistriatum*, *Entoloma poliopus*, *Hygrocybe chlorophana*, *Hygrocybe conica*, *Hygrocybe laeta*, *Hygrocybe nitrata*, *Hygrocybe pratensis*, *Hygrocybe psittacina*, *Hygrocybe virginea*. Ingen av desse er raudlisteartar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med nokre interessante artar i byrjande attgroing.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg med framhald i beitinga med sterkare beitetrykk enn i dag.

## 52 Tautra: Storskardbukta (kalkrike strandberg)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-52 (Naturbasen del av 154501500)
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 9384-9392, 5150-5155
<b>Høgd over havet:</b>	ca. 1-3 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Havstrand/kyst
<b>Naturtype:</b>	Kalkrike strandberg
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.-27.07.1969, R. & M. Nordhagen, 06.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Strandberga sørvestover frå Storskardbukta på austenden av Tautra har kalkrike bergartar tilhøyrande Trondheimsfeltet, med tilhøyrande interessant flora.

*Vegetasjon:* Strandberg, rik utforming (X1b). I kantane mellom strandberga og den gamle kulturmarka er det no attgroande lynghei og oppslag av einer og lauvtrebusker. På den tid Lid, Holmboe og Nordhagen besøkte Tautra (1934 og 1969) har det truleg vore meir kortbeita, kalkrike tørrenger.

*Kulturpåverknad:* Liten, litt søppel.

*Artsfunn:* Det vart notert bakkeveronika, blåstorr, dunhavre, dvergsmyle, enghumbleblom, fjellaugnetrøst, gjeldkarve, hårstorr, hårsvæve, loppestorr, sandarve, storblåfjør, svartknoppurt og vill-lin. Fleire av desse er regionalt sjeldne. Rolf Nordhagen fann 26.-27.07.1969 i dette området mange av dei same artane, og i tillegg fjell-lodnebregne og den svært sjeldne steinstorkenebb, som her skulle ha sin einaste vekseplass i fylket. Steinstorkenebb vart ikkje attfunnen i 2003 trass aktiv ettersøking, og området er no også truleg mykje meir attgrodd i kantane mellom strandberga og den gamle kulturmarka. Av sopp vart det funne blåstilka raudskivesopp *Entoloma asprellum*. Artar som var funne 02.07.1934 på Tautra (dårleg stadfesting, men truleg fleire opplysningar i dagboka til J. Lid) var m.a. dvergsmyle, blankburkne, marinøkkel og lodnefaks. Desse vart ikkje funne på Tautra korkje i 1993 eller 2003. I tillegg vart ein bloddråpesvermar (*Zygaena cf. filipendulae*) sett i Storskardbukta, men ikkje fanga.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein regionalt sjeldan og truga vegetasjonstype (rike strandberg) med eit interessant artsutval.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep. Det er ønskeleg med sterkare beiting.

## 53 Tautra: Nordigardsbukta (naturbeitemark)

<b>Lokalitetsnummer:</b>	1545-53
<b>Kartblad:</b>	1220 II Vestnes
<b>UTM (EUREF 89):</b>	LQ 930 516
<b>Høgd over havet:</b>	1-8 m
<b>Hovudnaturtype:</b>	Kulturlandskap
<b>Naturtype:</b>	Naturbeitemark
<b>Prioritet:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.09.1993, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1993), 06.08.2003, JBJ

#### Områdeskildring

*Generelt:* Lita beitemark ned mot sjøen i Nordigardsbukta nær småbåthamna. Heile øya er med i ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal (Aksdal 1994).

*Vegetasjon:* G4 frisk fattigeng og noko G3 sølvbunkeeng.

*Kulturpåverknad:* Lokaliteten var i god hevd i 1993 og vart framleis beita i 2003.

*Artsfunn:* Funn av vill-lin i 1993. Elles vart det notert blåklokke, blåknapp, blåkoll, enghumleblom, englodnegras, finnskjegg, geitsvingel, gulaks, gåsemure, heistorr, kjertelaugnetrøst, knegras og smalkjempe. Det vart funne 7 vokssoppantar og 4 raudskivesopp-antar (ikkje raudlista).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med nokre interessante artar.

### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

## Område med dårlege data eller usikker status

Både egne og andre sine undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkje vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningslinjer for grenseoppgangar mellom C (lokalt viktig) og "ikkje lokalitet".

Tabell 7. Område i Midsund kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Interessante område som ikkje er undersøkte er tatt med her.

Lokalitet	UTM	Kommentar
Midøya: Rosvik (kystlynghei)	LQ 789 495	Kystlynghei i sørhellingar på sørsida av Midøya. Ulike typar kystlynghei (H-serien), overgangar mot naturbeitemark. Beita av storfe. Ikkje undersøkt.
Midøya: Blø (Kjerringryggen-Ørnekuila) (kystlynghei)	LQ 79 50	Kystlynghei på nordhellingar på austsida av Midøya ved Blø, areal ca. 0,3 km <sup>2</sup> . Lokaliteten ligg bak gardane på Leirvik og Blø og under fjellet Ørnekuila. Ulike typar kystlynghei (H-serien). "Bevaringsverdien er trolig liten" (Fremstad et al. 1991). Er i attgroing og vurdert som mindre aktuell (kikkert 24.06.2003).
Otrøya: Stormyr (kystlynghei, myr)	LQ 801-813 529-539 (ED50)	Kystlynghei på strandflate på vestsida av Otrøya, vest for Akslahornet. Lokaliteten ligg nord for Midsund sentrum, og er eit utbyggingsområde. Det er anlagt ein fotballbane, og fleire utbyggingsprosjekt er utført eller vedtekte. "Bevaringsverdien er trolig middels på fylkesplan og liten på landsplan" (Fremstad et al. 1991). Er i attgroing og under utbygging og vurdert som mindre aktuell.
Otrøya: Akslahornet, vesthellinga	LQ 810 524	Brattlendt og vestvendt rasmark og fjellside med einiskilde interessante planter, m.a. blåstorr og lundgrønaks (belegg 07.06. og 11.08.1971, J.Kristiansen). Avstandsvurdert, men ikkje nærare undersøkt.
Otrøya: Aksla-Blåhammaren	LQ 819-830, 532-533	Muleg lokalitet for nordvendte kystberg, ikkje undersøkt.
Magerøya, vestsida	LQ 793-799, 557-563	Skildra som villtlokalitet. Muleg intakt låglandsmyr. Ikkje undersøkt.
Otrøya: Tangen, vestre del	LQ 813-826, 572-582	Muleg kystlynghei-lokalitet, ikkje undersøkt.
Otrøya: austsida av Hestøyra mot Holsvatnet	LQ 84, 53-54	Muleg lokalitet for nordvendte kystberg, ikkje undersøkt.
Otrøya: Sørsida av Svinnetåsen ved Solholmen	LQ 93-94, 56	Muleg lokalitet for hasselkratt og sørvendt berg/rasmark. Avstandsvurdert og ikkje prioritert..
Otrøya: Sølrika ved Solholmen	LQ 938-940 555	Muleg lokalitet for slåtteeing/naturbeitemark. Avstandsvurdert og ikkje prioritert.
Otrøya: under Trollhesten (hasselkratt?)	LQ 817-823, 505-510	Småvaksen krattskog med småosp, rogn, bjørk og litt hassel, m.a. funne stortviblad (01.07.1971, J. Kristiansen). Tidlegare truleg bortimot avskoga, no lågvaksen lauvskog. Innslag av planta gran. Avstandsvurdert 24.06.2003, men ikkje nærare undersøkt.

# VILTLOKALITETAR

Nedanfor er det berre tatt med omtale av eit utval område som har ein funksjon for vassfugl. Mange er registrert tidlegare, men er supplert med fleire data. Nokre er nye. Elles finst det fleire gruntvassområde som har funksjon som overvintringsområde for sjøfugl, t. d. gulnebbloom, islom, smålom, gråstrupedykkar, ærfugl, sjøorre, silender (m.a. Gjerde 1972, Ålbu 1984, Sømme 1948a). Slike område finst m.a. på nordvestsida av Midøya, m.a. rundt Hamnaneset, ved Uglvika og rundt Magerøya og Tangen, vidare gruntvassområde på nordsida av Otrøya (Rørset, Ræstad, Bendset, Sundsbø), truleg og ved Tautra. Det har ikkje vore tid til å samanstillast denne typen data.

## ***Dryna: Syneldskjeret***

Naturbasen 154501200. LQ 741 503. Hekkelokalitet for teist og grågås. Under Atlas-registreringane i 1984 (AO.Folkestad, J.Gylseth, I.Myklebust) vart det registrert hekkande fiskemåse, makrellterne, raudnebbterne, sildemåse og svartbak. 1 svartbak på reir, 29.05.2003 (JBJ), og 4 teist på land, dels på vandring innover.

## ***Midøya: Drynjasundvågen***

Naturbasen 154502200. LQ 762 502. Ein grunn våg som er rasteplass for våtmarksfugl.

## ***Midøya: Lamholmen***

Naturbasen 154501800. LQ 780 543. Noko mindre snau holmar som periodevis har ein del hekkande sjøfugl, m.a. skal gravand hekka årvisst.

## ***Midøya: Sandan***

Ikkje i naturbasen. LQ 77, 52-53. Hekkeområde for grågås, Odd Jarle Opstad medd. JBJ 24.06.2003.

## ***Midsundet: Bjørnøya***

Naturbasen 154500400. LQ 79 54. Hekkelokalitet for sjøfugl. Aktuell for sjøfuglreservat (Folkestad 1983).

## ***Midsundet: Jolholmane (Jørholman)***

Lokalitetsnummer: Naturbasen 154501900. UTM (EUREF 89): LQ 800 535. Undersøkt/kjelder: Naturbasen, Folkestad (1977). Småholmar med m.a. forekomst av strandkvann. Holmane har vore fast hekkeplass for eit større tal ternar.

## ***Magerøya, vestlege del***

Ikkje i naturbasen. LQ 796 561. Undersøkt/kjelder: Atlasregistrering 1983-84, Jo Gylseth, G. Gaarder, I. Myklebust. Myrene var hekkeområde for enkeltbekkasin, fiskemåse, gråmåse, myrsnipe (truleg den raudlista underarten sørleg myrsnipe, kjelde A.O. Folkestad), raudnebbterne, raudstilk, siland, songlerke svartbak og tjuvjo. Hekkeområde for grågås, Odd Jarle Opstad medd. JBJ 24.06.03

## ***Otrøya: Tangen: Ålsundholmane-Myrbærneset***

Naturbasen 154502100. LQ 81-83, 57-58. Nordlege del av Otrøya på nordsida av Tangen, med låglendt og snautt terreng mot havet, dels bukter med langgrunne strender. Langs landet ligg fleire mindre holmar. Området er m.a. tilhaldsplass for grågås.

## ***Otrøya: Hellarenden ved Orvika***

Ikkje i naturbasen. LQ 843 580. Hekkeområde for sjøfugl, ca. 10 gråmåse på reir i heia 29.05.2003 (JBJ), den 23.06.03 sett 16 rugande.

## ***Otrøya: Holsvatnet (innsjø)***

Naturbasen 154500900. UTM (EUREF 89): LQ 84-85, 54. Høgde over havet: 30 m. Undersøkt/kjelder: Malme (1972), Naturbasen. Lokaliteten er matleitingsområde for vassfugl, m.a. måsar, ender, og dessutan songsvane på overvintring. Noterte planteartar (Malme 1972): elvesnelle, småsivaks, duskull, ryllsiv, krypsiv, slåttestorr, flasketorr, myrsauløk, botnegras, grøftesoleie, kvit nøkkerose, tjønnaks, flotgras, krokortvose.

### ***Otrøya: Vågsmyrane***

Ikkje i naturbasen. LQ 848 569. Hekkeområde for grågås, Odd Jarle Opstad medd. JBJ 24.06.03.

### ***Otrøya: Rørsetholmen***

Naturbasen 154501400. LQ 869 580. Open og låglendt strandområde med utanforliggende holmar. Holmane har vore hekkeplass for sjøfugl.

### ***Otrøya: vest for Ræstad***

Ikkje i naturbasen. LQ 887 579. Hekkeområde for grågås, Odd Jarle Opstad medd. JBJ 24.06.03.

### ***Otrøya: Bendsetholmen***

Naturbasen 154500601. LQ 911 590. Små holmar med ein del grunne sjøområde ikring. Hekkeplass for sjøfugl.

### ***Otrøya: Sundsbø: Hansholmen***

Naturbasen 154500603. LQ 932 592. Stor, snau holme som er hekkeplass for sjøfugl. Aktuell for sjøfuglreservat (Folkestad 1983).

### ***Tautra: vestenden + holmar***

Naturbasen 154500202. UTM (EUREF 89): LQ 89-91, 50. Høgde over havet: 0-19 m. Undersøkt/kjelder: Naturbasen, Folkestad (1995), Folkestad & Loen (1998). Fuktige lyngmarker med langsgående bergryggar sørvest på Tautra samt nokre mindre holmar og skjer vest for dette, m. a. Storholmen og Futholmen (Løholmen). Heile øya er med i ei nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. (Aksdal 1994). Det er ein godkjend reguleringsplan for øya. Vegetasjonen er strandberg, rullesteinstrand og ulike typar engsamfunn (G4 m.m.) og hei (H-serien), delvis i attgroing med einer. Ei eldre hytte i vestenden. Området har hekkande fiskemåse, sildemåse, gråmåse og svartbak (totalt ca. 350 par i 1975 og vel 200 par i 1994). Tautrakoloniane har vore i ekspansjon på 1990-talet etter at dei var mest borte på 1980-talet. I 1975 var det registrert ein sildemåsekoloni på 70-80 par i området, i 1994 var denne ca. 25 par, den største i Midsund. I området hekkar det dessutan både grågås og ærfugl. I 1975 hekka ca. 100 par terne og eit par tjuvjo, men desse var borte på 1990-talet. I dag er dette framleis einaste hekkeplass for tjuvjo i kommunen (kjelde: O.J. Opstad). Det kan vere potensiale for betydeleg ekspansjon av måse i dette området, etter som det ligg i eit fjordavsnitt med kort veg til tradisjonelt rike fiskeområde. Det er viktig med omsyn i hekketida. Attgroing vil etter kvart gjera deler av området mindre høveleg som sjøfuglområde for einskilde artar. Aktuell for sjøfuglreservat (Folkestad 1983).

# RAUDLISTEARTAR

## Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

Ex	utdøydd	R	sjeldan
E	direkte truga	DC	omsynskrevande
V	sårbar	DM	bør overvakast

I tillegg er det nytta K=raudlistekandidat om artar som ikkje er med på raudlista, men kan vera aktuelle ved neste revisjon. For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Midsund. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr, amfibiar og krypdyr. Det er heller ikkje kjent raudlista kransalgar. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Med *ansvarsartar* meinest artar der Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på bestandane, fordi vi har ein vesentleg del av totalbestandane samanlikna med andre land. Dette kan vera litt ulikt definert for dei ulike organismegruppene.



Tabell 8. Oversikt over funn av raudlisteartar i Midsund av gruppene mosar (M), planter (P), og sopp (S). Forkortingar for raudlistekategoriar: E: direkte truga, V: sårbar, R: sjeldan, DC: omsynskrevande, DM: bør overvakast, dessutan har ein tatt med nokre funn av kandidatar til raudlista (K=raudlistekandidat). Forkortingar for personnamn: GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG=Karl Johan Grimstad, DH=Dag Holtan). 77 funn inklusive 3 funn av raudlistekandidatar, dvs. 74 funn av offisielle raudlisteartar.

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
M	<i>Calypogeia suecica</i>	roteflak	DM	N for Heggneset	15.10.2003	KJG, JBJ, Kristian Hassel	LQ 943 552
M	<i>Scapania degenii</i>	einkorntvibladmose	DM	Otterøya: Klevsethorn på Otterøy nær Molde	03.08.1931	Jørgensen, E.	LQ 83-84, 51-52
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Dryna (Drønne)	1800-talet	Blytt Norsk Flora, 588	LQ 72-74, 48-49
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Midøya: Bjørnerembukta (ikkje attfunnen 23.06.03, JBJ)	ca. 1975	Nils Sanden	LQ 792 539
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: (S-Aukra) Heggdal	02.07.1934	Holmboe, Jens; Lid, Johannes	LQ 92-93, 53-54
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: (S-Aukra) Heggdal	02.07.1934	P. F. Scholander	LQ 85-93, 52-54
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: (S-Aukra) Sundsbø	02.07.1934	Lid x liste	LQ 93 59
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: Klauvset	01.07.1971	J. N. Kristiansen	LQ 84 51
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: Lille Klauset, skogeng ovafor dyrkamarka	23.06.2003	JBJ	LQ 8352 5119
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: Lille Klauset, slåtteeeng ved bekk ved vegen	23.06.2003	JBJ	LQ 8344 5113
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: Lille Klauset, storfenbeite ovafor vegen	23.06.2003	JBJ	LQ 8331 5113
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: Nord-Heggdal, bruket til Ingrid Orset	23.06.2003	JBJ	LQ 8682 5250
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Otterøya: Store Klauset	23.06.2003	JBJ	LQ 8450 5166
P	<i>Arnica montana</i>	solblom	DC	Tautra	02.07.1934	Lid x liste	LQ 91-93, 50-51
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: på serpentinfeltet S for Raknes posthus.	30.07.1969	Urke, Torbjørn; Nordhagen, Rolf	LQ 83 55
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, N for kyrkja, på olivinfeltet	08.08.2003	JBJ	LQ 8275 5443
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, N for kyrkja, på olivinfeltet	07.08.2003	JBJ	LQ 8287 5450
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, N for kyrkja, på olivinfeltet	07.08.2003	JBJ	LQ 8290 5447
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, N for Uglvik, på olivinfeltet	03.09.2002	JBJ	LQ 8302 5530
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, N for Uglvik, på olivinfeltet	03.09.2002	JBJ	LQ 8277 5546
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, N for Uglvik, på olivinfeltet	03.09.2002	JBJ	LQ 8275 5518
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik, NØ for Uglvik, på olivinfeltet	01.08.1971	J. N. Kristiansen	LQ 82 55
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik: Ø for Sletta, på serpentin	21.07.1994	Wischmann, Finn	LQ 83 54
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvik: Øst for Sletta	02.01.1999	GGa	LQ 833 546
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvika: ved hamna, på olivinfeltet	07.08.2003	JBJ	LQ 8224 5437
P	<i>Asplenium adulterinum</i>	brunburkne	R	Otterøya: Uglvika: Ø for Uglvik, på olivinfeltet	27.07.1971	J. N. Kristiansen	LQ 83 55
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebegne	V	Dryna: Demmehellaren	04.09.2002	JBJ	LQ 7317 4838
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebegne	V	Dryna: NV-sida, 40 m nedanfor Franskhellaren	05.09.2002	JBJ	LQ 7329 4844
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebegne	V	Dryna: NV-sida, nedst i kløft	05.09.2002	JBJ	LQ 7321 4834

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat.	Lokalitet & habitat	Dato	Finnar m.m.	UTM
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Dryna: NV-sida, Storsteinbukta, mellom store steinblokker	05.09.2002	JBj	LQ 7342 4859
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Dryna: NV-sida, øvst i kløft	05.09.2002	JBj	LQ 7325 4832
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Midøya: heller N for Bjørnsundhellerene	03.09.2002	JBj	LQ 7833 5278
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Otterøya Ræstad, på nordsida av øya. Sør for riksvegen og vest for Ræstaddalen i ei bekkekløft	21.04.1984	I. Røsberg	LQ 89 57
P	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	hinnebregne	V	Otterøya: Under Holten sør for Sundsbøen	02.12.2000	GGa & JBj	LQ 935 588
P	<i>Leucorchis albida ssp. albida</i>	kvitkurle	DC	Otterøya: (S-Aukra) Heggdal	02.07.1934	J. Lid & J. Holmboe	LQ 85-93, 52-54
